

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 26.11.2013
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 20.11.2013

Idar Tarberg
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 109/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 110/13	Protokoll frå førre møte.
PS 111/13	Delegasjonssaker
PS 112/13	Referatsaker
PS 113/13	Rita Sævik og Espen Ervik 22/2 - Dispensasjon frå reguleringsplan
PS 114/13	Kjartan Rabben 60/46 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av tilleggsareal til eksisterande bustadtomt.
PS 115/13	Elsa Kvalsvik 8/9 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av bebygt bustadtomt.
PS 116/13	Knut M. Rafteseth 56/3 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på endra plassering av flytebrygge.
PS 117/13	Nils Gunnar Valde - 45/159 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP7 Dragsund - oppføring av hus med 2 etg.og plassering av garasjebygg nærmare veg enn regulert byggelinje
PS 118/13	Dag Remøy 27/92 - Overtredingsgebyr i byggesak
PS 119/13	Motorola Solutions Norway 19/7 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av nytt anlegg for naudkommunikasjon.
PS 120/13	Forskrift om hausting av tare - uttale
PS 121/13	Søknad om konsesjon for overtaking av fast eigedom frå Marcus og Katrine G. Johannessen på gnr 3 bnr 8 og 34
PS 122/13	Søknad om bygging av skogsbilveg og traktorveg med lunneplass - 53/1 Geir Tjervåg
	Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 289/13	Knut Tandberg 79/107 - Løyve til tiltak - tak over del av veranda.

- DS 290/13 Oddlaug og Johannes Kleppa 6/12 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg
- DS 291/13 John Arne og Irene Winsnes 81/1 - Feridattest
- DS 292/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett.
- DS 293/13 John Arne 81/1 - Ferdigattest
- DS 294/13 Aksel Lervik 48/82 - Løyve til tiltak - utfyllong av mindre vik for, båtsoppstilling
- DS 295/13 Helge Toreson Remøy 38/233 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg bustadhus
- DS 296/13 Oddbjørg og Inge Tråseth 16/6
Dispensasjon - restaurer slipp/bygge naust
- DS 297/13 Sirlihaugen Barnehage 29/269 - Ferdigattest - gapahuk.
- DS 298/13 Søknad om løyve til tiltak - garderober, verkstad, kontor, pauserom
- DS 299/13 Larsen Graving og Transport 45/158 - Graving/planering av bustadtomt.
- DS 300/13 Steinar Solbakken 83/8 Ferdigattest - levegg/takoverbygg terrasse
- DS 301/13 Thomas Arnesen 35/19 - Ferdigattest - diverse ombygging på bustadhus.
- DS 302/13 Amalie Leikanger/Ole-Ottar K. Høgstavoll 46/71/2 - Ferdigattest, balkong/terrasse.
- DS 303/13 Thorstein Vasset 44/11 - Løyve til tiltak - utlegging av flytebrygge
- DS 304/13 John Kåre Almestad 24/73 - Ferdigattest, bygging av kai og sjøhus.
- DS 305/13 Rune Vågsholm 29/109 Løyve til tiltak - oppføring av hagestove
- DS 306/13 Arne Klepp 56/48 tiltak - Løyve til rehabilitering av skorstein

Referatsaker

- RS 24/13 Dag Remøy 27/92 - Mellombels bruksløyve for einebustad med integrert garasje
- Delegasjonssaker frå avdelingane
- DS 307/13 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - lgangsetjingsløyve - oppføring av bustadhus m/garasje
- DS 308/13 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Mellombels bruksløyve oppføring av bustadhus m/garasje

- DS 309/13 Arthur Grønmyr 47/2 Tiltak utan ansvarsrett redskapshus/garasje
- DS 310/13 Børge Kvalsund - 33/16 - Tilbygg
- DS 311/13 Per Jarle Skar - 37/52 - Tilbygg
- DS 312/13 Ferdigatteest - 37/227
- DS 313/13 Arne Klepp 56/48 - Ferdigattest på rehabilitering av skorstein
- DS 314/13 Dag Remøy 27/92 - Løyve til endra plassering av bustadhus
- DS 315/13 Gunn Helsem Leine 26/84 - Løyve til tiltak - oppføring av garasjetilbygg.
- DS 316/13 Søknadsskjem m/vedlegg
- DS 317/13 Ida Caroline Aasland og Aleksander Hildre 45/171- Mellombels bruksløyve.
- DS 318/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett.
- DS 319/13 Paul Sverre Voldsund - 27/99 - Bod
- DS 320/13 John Magne Johansen - 34/259 og 154 - Endring tidlegare rammeløyve og IG riving/grunnarbeid
- DS 321/13 Kjell Arne Løvøy 60/444 - Mellombels bruksløyve for bustadhus
- DS 322/13 Ferdigattest 79/9 og 137 - Hønsehus
- DS 323/13 Ferdigattest 34/362
- DS 324/13 Bygg & System Eigedom AS 23/29 - Mellombels bruksløyve
- DS 325/13 Aina Baade Hasund og Tore hasund - 83/108 - Einebustad med integrert garasje
- DS 326/13 Gry Olaug Dimmen/Ingmar Jøsokbakke 83/95 - Løyve til tiltak - oppføring av naust
- DS 327/13 Gnr 4 Bnr 106 - Frådeling av næringstomt
- DS 328/13 Tore Lillerovde 58/37 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg og terrasse.
- DS 329/13 Tussa Nett AS 42/122 - Løyve til tiltak oppføring av tilbygg / garasje i Dragsund
- DS 330/13 Ferdigattest - 12/293
- DS 331/13 Ørsta Byggservice AS 25/87 Løyve til tiltak - oppføring av einebustad
- DS 332/13 Sylvia Nærø 27/104 - Ferdigattest - generasjonsbustad m/garasje.
- DS 333/13 Harry Andersen 57/1 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg / garasje for bubil

- DS 334/13 Gunnar Odd Jøsokbakke 83/49 - Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg til bustadhus.
- DS 335/13 Petter Oskar Pettersen Notø 40/6 - Løyve til tiltak - Ignagsetjingsløyve for grunnarbeid på fritidsbustad.
- DS 336/13 Mellombels bruksløyve 56/90 - seksjon 1
- DS 337/13 Ferdigattest 38/197
- DS 338/13 Elin og Johnny Hundsnes - 46/45 - Terrasse med levegg
- DS 339/13 Søknad om tiltak utan ansvarsrett - tilbygg
- DS 340/13 John Henrik Steinsvik 44/71 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - oppføring av altan/platting
- DS 341/13 Bård Kopperstad - 3/3 - Løyve til frådelling av tilleggareal
- DS 342/13 Arnar Steinsvik 18/1 - Ferdigattest
- DS 343/13 Jan-Lennart Berge 18/90 - Søknad om løyve til oppføring av tilbygg
- DS 344/13 VS: Søknad om fasadeendring, Bygg & System Eigedom
- DS 345/13 Herøy kyrkje 37/15 - Installasjon av løfteplattform / heis.
- DS 346/13 Gnr 36 Bnr 10 _frådelling av bebygd naustparsell.
- DS 347/13 Gnr 12 Bnr 17 og bnr 294 - Frådelling av bustadtomt og parsell til uendra bruk.
- DS 348/13 Gnr 56 Bnr 73 - frådelling av bustadtomt
- DS 349/13 Gnr 27 Bnr 1 - Frådelling av bustadtomt
- DS 350/13 Asgeir Nerø - 59/18 - ferdigattest
- DS 351/13 Ferdigattest - 53/19
- DS 352/13 Ferdigattest - 12/292
- DS 353/13 Gnr 26 Bnr 122,169 og 170 - Frådelling av bustadtomter
- DS 354/13 Ferdigattest - 25/9 - Smaragd as
- DS 355/13 Ferdigattest - 56/90 - heile bygget
- DS 356/13 Pro Flex Møre Eiendom AS - 45/151 - Endring av gitt løyve
- DS 357/13 Pro Flex Møre Eiendom as - 45/151- mellombels bruksløyve
- DS 358/13 Jarle Berge 29/267 - Løyve til rehabilitering skorstein

- DS 359/13 Sigbjørn Notøy 48/8 - Ferdigattest rehallitering av skorstein
- DS 360/13 Ståle Garnes 48/80 - Ferdigattest for oppføring av fritidsbustad
- DS 361/13 GNr 60 Bnr 382 - Grensejustering mot gnr 60 bnr 359.
- DS 362/13 Bjarne Kvalsvik - 7/22 - Oppføring av 8 naust
- DS 363/13 Geir Flø, Bård Gjerde og Magnar Lillestøl - 62/27 - 3 stk naust
- DS 364/13 Baro Mek. Verksted AS 22/60 - Ferdigattest for tiltaket
- DS 365/13 Sunnmørsbadet Fosnavåg as - 29/315 Og 67 - Masseutskifting
- DS 366/13 Sindre Støylen - 34/197 - Garasje og tilbygg altan
- DS 367/13 Eileen Gjerde og Frode Rougnø - 45/170 - Igangsetting betongarbeid, rørlegging og betongelement
- Referatsaker
- RS 25/13 Høring - Forslag om meldeplikt for havner vedrørende skipsavfall og lasterester
- RS 26/13 Utsett frist for fjerning og deponering av fartøyet Vollert LKAE
- RS 27/13 Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 109/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 110/13 Protokoll frå førre møte.

PS 111/13 Delegasjonssaker

PS 112/13 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/1038
		Arkiv:	22/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
113/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

RITA SÆVIK OG ESPEN ERVIK 22/2 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve **avslag** på søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Espeset gnr 22 bnr 2, jfr. PBL. § 19-2, og at det ikkje vert gjeve løyve til omdisponering av deler av AKA (gnr. 22 bnr. 22) til bustadformål.

Maritim og teknisk komite grunngjev avslaget med at endring av reguleringsplanen må finne sin stad gjennom ein prosess med reguleringsendring etter plan- og bygningslova § 12-14. Ut i frå ei heilskapleg vurdering av søknaden og basert på uttalar innhenta frå regionale instansar, kan ein ikkje sjå at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene i denne saka.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Bucci Arkitektur & Design AS,
Møre og Romsdal Fylkeskommune,
Statens Vegvesen Region Midt,
Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Anleggs- og driftsavdelinga

Postboks 21,
Fylkeshuset,
Fylkeshuset,
Fylkeshuset,
Fylkeshuset,
her

6067 Ulsteinvik
6404 Molde
6404 Molde
6404 Molde
6404 Molde


Vedlegg:

- 01 – Søknad om dispensasjon med vedlegg, datert 23.08.2013
- 02 - Skisse med forslag til ny arealsituasjon, datert 06.09.2013
- 03 - Plankart for 1515201205 ESPESET GNR.22 BNR. 2
- 04 - Gjeldande reguleringsføresegner for 1515201205 ESPESET GNR.22 BNR. 2
- 05 - Uttale frå høyringsorgana
- 06 - Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 21.10.2013.

Saksopplysningar:

Bucci Arkitektur AS, har på vegne av Rita Sævik, søkt om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan på Espeseth i Herøy kommune. Gjeldande reguleringsplan er av nyare dato og var godkjend vedteken av kommunestyret 23.02.2012 i K-sak 23/12. Det aktuelle området det vert søkt dispensasjon er omfatta av ein rettsleg bindande reguleringsplan. PlanID for denne er 1515201205 ESPESET GNR.22 BNR. 2. Arealet det vert søkt dispensasjon frå er avsett til formåla: køyreveg, frittliggjande småhusbebyggelse og øvrige kommunaltekniske anlegg.

Dispensasjonen inneberer er ei formålsending av gjeldande reguleringsplan. Tiltaket inneber fjerning av det «smale» området AKA og samanslåing av to bustadtomter innanfor områda FS5 og FS6 til ei bustadtomt.



Illustrasjon som viser tomtedeling dersom det vert gjeve dispensasjon

Søknad om dispensasjon har vore sendt på høyring med frist for uttale sett til 14.10.2013. Uttalar frå dei organa som har svart på søknaden innan fristen følgjer saka som vedlegg. Ein vil påpeike at Fylkesmannen sin uttale i saka er kome etter at fristen for uttale var ute. Av omsyn til god forvaltningskikk vel ein å ta med uttalen for at saka skal vere mest mogleg opplyst før vedtak skal fattast, jfr. forvaltningslova. Ein føret no at samtlege høyringspartar som ønskjer å uttale seg i saka, har gjort det og søknaden er med det klar for slutthandsaming i Maritim og teknisk komite.

Søknaden har vore sendt på høyring og det ligg no føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Statens Vegvesen
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, 20.09.2013:

Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert dispensert frå reguleringsplanen som omsøkt.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga, 9.10.2013:

Avdelinga påpeikar at det i søknadspapira står at det skal tilkoplast offentleg avløpsanlegg, men at det ikkje er utbygd eit offentleg anlegg i dette området på noverande tidspunkt. Sidan det her er tale om etablering av eit privat avløpsanlegg, vil kravet frå Anleggs- og driftsavdelinga vere at det må søkjast om utsleppsløyve. Kravet er at reinseløysinga i området tilfredstiller krava i forureiningsforskrifta kap. 12, og at eit utsleppsløyve skal vere godkjent i forkant av eit evt byggeløyve.

Utover dette har ikkje Anleggs- og driftsavdelinga nokon merknader til søknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 14.10.2013

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til at det er eit fint kulturminnemiljø langs etter gamlevegen i området, og kulturlandskapet rundt har verdi. Dersom ein skal klare å ta vare på det saman med nye tomter og hus, bør vidare bygging i området skje etter reguleringsplan. Gamlehusa ligg heilt inn i den smale vegen. Trafikkforhold og kor vidt det er sannsynleg at fleire vil bygge i området i tida framover må også vurderast før ein gjev løyve til bygging her.

Fylkeskommunen rår sterkt i frå dispensasjon i saka, og tilrår oppstart av reguleringsplan for området.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 14.10.2013

Landbrukskontoret har merknad til at endringa fører til ein tomtestorleik på 3,7 dekar. I høyring til planen var vi kritiske til at det vart nytta så vidt stort areal med dyrka mark til bygging av bustader. Når ein likevel skal nytta dyrka mark til bustadbygging bør ein i større grad utnytte areala på ein rasjonell måte

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 21.10.2013

Fylkesmannen meiner søknaden strir mot nasjonale mål for bruk og vern av strandsona, då ei stor bustadtomt vil legge beslag på sjønært bustadareal regulert for fleire bustader. Det blir vist til at Herøy kommune har eit relativt stort utbyggingspress i strandsona og at det må leggest til grunn at utbyggingspresset på strandsoneareal andre stader venteleg vil auke.

Fylkesmannen rår difor i frå søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Søkjjar erkjenner at den nyleg utarbeidde og vedtekne reguleringsplanen ikkje bør endrast ved dispensasjon med det same, men at søkjjar også meiner det er forhold som talar for ein dispensasjon.

Her blir det vist til at ein kjøpar har kjøpt begge tomtene på kvar side av trasè for teknisk infrastruktur (AKA). Søkjar viser også til at den vegtrasè i den austlege og sørlege enden av tomteområdet er lite terrengtilpassa. Det vert vidare hevda at området AKA er å sjå som ein «nødmanøver» i mangel på moglegheiter for direkte tilkomst til slam-kum. Søkjar framhevar at mindre justering på vegtrase og og vegbreidde mogleggjer tilkomst for pumpebil med vilkår om tømning kvart 2.år og på dagar med gode ver- og køyreforhold langs vegen. Søkjar hevdar at ein kan løyse dette med å senke kum-topp og dermed blir heile arealet avsett for framtidig pumpehus, som då kan flyttast inntil vegen i aust. Søkjar hevdar at den nedsenka vegen i aust vil fordre ei mindre terrengtilpassing i form av skjering og fylling og vil dermed kunne utvidast utan at det medfører ei auke i formålsbreidda. Søkjar hevdar at ein dispensasjon vil kunne medføre meir areal til bygging, høve til å slå saman tomter, mindre terreng- og naturinngrep, lågare utbyggingskostnader og betre tilkomst til slam-kum og naust.

Rådmannen vil understreke at ein ynskjer at endringar knytt til nyleg vedtekne reguleringsplanar skal få sin handsaming gjennom ein prosess med ei formell reguleringsendring etter PBL § 12-14, framfor handsaming gjennom dispensasjonar. Reguleringsplanen som gir grunnlag for endring og utbygging i området på Espeset har vore gjennom ein omfattande demokratisk prosess med høyringar og offentleg deltaking / medverknad frå både private partar og offentleg mynde som bakgrunn for resultatet som ligg føre i form av planen. Det viktig at slike endringar som det her vert lagt opp til skjer gjennom tilsvarande prosessar, då desse vil vere former for «omkampar» i høve det planresultatet som er vedteke av kommunestyret som øvste planmynde i kommunen. Dette talar på generelt grunnlag i mot å gi dispensasjon for formålsendringar i reguleringsplanar.

I vurderingane knytt til denne saka er rådmannen samd med deler av momenta som kjem fram i uttalane om at det er uheldig med ein reduksjon av talet på regulerte tomter til bustadformål. Rådmannen ser at det reint teknisk kan vere fordelar med den alternative reinseløysinga som blir presentert, men at det også i eit større perspektiv vil vere ulemper knytt til konsekvensane av den løysinga som ansvarleg søkjar skisserer. Søknaden legg opp til å slå saman to tomter til ei større bustadtomt, noko som vil gi bustadtomta ein unaturleg storleik i eit regulert bustadområde for «frittliggjande småhusbebyggelse». Samanslåinga vil også gi færre bueiningar på Espeset og medføre at presset på utbygging i strandsona kan auke andre stader i kommunen. Rådmannen meiner at det er viktig å utnytte arealressursane på ein berekraftig måte og utnytte dei regulerte bustadtomtene som ein har lagt til rette for gjennom omfattande planprosessar. Av omsyn til den etterspurnaden som kommunen har etter ferdig regulerte tomter i strandsona, vil ein ikkje kunne tilrå ei endring som medfører at dette tilbodet blir svekka / redusert framfor å tillate at det blir etablert enkelttomter med ein unaturleg høg arealstorleik.

Etter det rådmannen kan sjå, og med tilvising til dei uttalane som ligg føre i saka, vil det ikkje vere større fordelar enn ulemper ved å gi dispensasjon i denne saka – sett ut i frå ei heilskapleg vurdering; Ein dispensasjon til formålsendring vil redusere talet på regulerte tomter i området og svekke det generelle bustadtilbodet i kommunen. Dersom ein skal tillate ein bustadtomt med arealstorleik på om lag 5 daa til bustadformål, vil dette i eit framtidig perspektiv ikkje kunne forsvarast å vere ei berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen sterkt i frå at Maritim og teknisk komite gjev didi dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan i denne saka.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 21.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

V1



Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	22	2	Espeset, 6095 BØLANDET

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Rammetillatelse	Bruksendring	X Bolig	111	annet

Beskrivelse av bruk

Angitt areal ønska endra frå teknisk anlegg til bolig, og trafikkformål redusert til fordel for friareal.

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon	e-postadresse
privatperson	Rita Sævik	Bølandet, 6095 BØLANDET	90160715	rita@e-s.no

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS	994495585	Postboks 21, 6067 ULSTEINVIK	Georg Grimstad

Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
70309635	91531717	georg@bucci.no

Varsling

Tiltaket er fritatt for nabovarsling

Følgerev

Denne nyleg utarbeidde og vedtekne reguleringsplanen burde sjølvstakt ikkje vore endra ved dispensasjon med det same.

Imidlertid er det forhold som talar for dette, desse vart tydeleggjorde då ein og same kjøpar kjøpte tomtene på kvar side av trase' for teknisk infrastruktur.

Visualisering basert på informasjon innhenta frå prosjekterande firma for veg viser at vegtrase' i den austlege og sørlege enden av tomteområdet er lite terrengtilpassa.

Trase' for teknisk infrastruktur er slik vi ser det ein nødmånøver i mangel på høve til direkte tilkomst til slam-kum. Mindre justeringar på vegtrase' og vegbreidde mogeleggjør tilkomst for pumpebil med vilkår om at det skjer ein gong kvart 2. år og då på dag med gode ver- og føreforhold.

Ein kan då senke kum-topp og dermed heile arealet avsett for framtidig pumpehus, som då kan flyttast inntil veg i aust.

Den nedsenka vegen i aust vil fordre mindre terrengtilpassning i form av skjering og fylling og vil dermed kunne utvidast utan at det medfører ei auke i formålsbreidde.

Dette tiltaket medfører berre fordelar for alle!

1. meir areal til bygging
2. høve til samanslåing av tomter
3. mindre terreng/- og naturinngrep
4. lavare utbyggingskostnadar
5. betre tilkomst til slam-kum og naust

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Arealplaner
Begrunnelse for dispensasjon:

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



vi søker dispensasjon frå formål i reguleringsplanen for espeset i samband med dei viste justeringane i nedre (søndre) del av reguleringsavgrensinga.
Bruksendringa omfattar eit areal for teknisk infrastruktur og eit areal for samferdselsanlegg.

Bruksendring av areal for teknisk infrastruktur til bustadformål.

Grunngjeving: ein utvida veglekam i den oppgraderte vegen mot nausta i aust, kan nyttast til dette formålet. Slamsuging vil kunne foregå direkte frå bil og ikkje via lang slange som før no når bilen kjem heilt fram til kum. Firma som skal drifte slam-kum godkjenner løysinga.
Bruksendring av areal for samferdsel til LNF.

Flytting av AKA-arealet avsett for framtidig pumpestasjon nærmare vegen i aust frigjev areal til LNF og reduserar areal til samferdsel.

Grunngjeving:

Når vegen mot aust er terrengtilpassa og utvida vil den kunne tene alle hensyn, også tilkomst til nausta på ein god måte. Det er då naturleg å avgrense naturinngrepet ved å flytte AKA-arealet nærmare.
Firma som skal drifte slamkum godkjenner løysinga, Anlegg for drift og vedlikehald i Herøy har ikkje merknadar.

Fravik fra byggteknisk forskrift

For tiltak etter pbl § 31-2

Det søkes om fravik fra byggteknisk forskrift for eksisterende byggverk. Redegjørelse i eget vedlegges.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	Espeset 22/2 -Plan id 201205
Reguleringsformål	
Bustader	
Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnyttning iht. gjeldende plan
%BYA	30%

Tomtearealet

Bygeområde/grunneiendom	5045,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
= Beregnet tomteareal	5045,00 m ²

Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	1513,50 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	0,00 m ²
+ Parkeringsareal	0,00 m ²
= Sum areal	0,00 m ²

Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	0,00
-----------------------------	------

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret atkomst.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er IKKE gitt.

Vannforsyning

Tomta er tilknyttet privat vannverk
Beskrivelse av annen privat vannforsyning: Herøy Vasslag

Avløp

Tomta er tilknyttet offentlig avløpsanlegg
Ikke relevant

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Situasjonsplan	D	Situasjonsplan med og uten reg.kart	Ettersendes per post
Tegning ny snitt	E	Terrengsnitt Ny situasjon 1:200	Ettersendes per post
Kart	F	Reguleringsplan stor	Ettersendes per post
Kart	F	Reguleringsplan	Ettersendes per post
Organisasjonsplan	G	Bucci Org. plan	Ettersendes per post
Søknad om ansvarsrett	G	Bucci	Ettersendes per post
Annet	Q	Aksonometri ny situasjon	Ettersendes per post
Annet	Q	Uttale/stadfesting frå Miljø Service	Ettersendes per post
Annet	Q	Fullmakt frå tiltakshavar	Ettersendes per post
Annet	Q	Uttale/stadfesting frå Miljø Service	Ettersendes per post
Annet	Q	Gjennomføringsplan	Ettersendes per post
Annet	Q	Aksonometri 2 eks situasjon	Ettersendes per post

Merknader fra ByggSøk

Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:
Beskrivelse av tiltak - Bebyggelse - Bygningsopplysninger

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 20.08.13

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad



Tiltakshaver

Dato 20.08.13

Signatur Iver Olaf Grimstad

Gjentas med blokkbokstaver

Iver-Olaf Grimstad



Fullmakt

Vi, ~~Eggen Ervik~~ *Rita Sævik* (dykkar namn), gir med dette Bucci Arkitektur & Design AS, høve til å signere på våre vegner dei nødvendige dokument i samband med søknadar som gjeld gardsnummer 22, bruksnr. 2.

Rita Sævik
(signaturar)

Namn og etternamn

Noverande bustad-adresse

Dato

6095 Bølandel

22/8-13

Best regards / Med vennlig helsing

Rita Christina Sævik
Daglig leder
Ervik & Sævik AS



TLF +47 70 08 78 12
FAX +47 70 08 78 13
GSM +47 90 16 07 15

rita@e-s.no


Fra: postmottak
Sendt: 23. august 2013 13:50
Til: Arkiv; Jarl Martin Møller
Emne: FW: Søknad om formålsendring - Gnr. 22/ Bruksnr. 2

Helsing

HERØY KOMMUNE
 Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2013/1038	Saksbeh. AZJ
23 AUG. 2013	
Ark kode P 22/2	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr 1
Kassasjon	


Fra: Iver Olaf Grimstad [mailto:iver@bucci.no]
Sendt: 23. august 2013 13:46
Til: postmottak
Kopi: Rita Sævik
Emne: Søknad om formålsendring - Gnr. 22/ Bruksnr. 2

Hei,

Vi søker herved om formålsendring på Gardsnr. 22/Bruksnr. 2 i Herøy Kommune, på vegne av Rita Sævik og Espen Ervik.

Med vennlig helsing

Dagleg leiar
 Iver-Olaf Grimstad
Bucci Arkitektur & Design AS
 Mob: 41233955
 E-post: iver@bucci.no



Bucci besøksadresse: Sjøgata 21, 6065 Ulsteinvik
 Bucci Postadresse: Postboks 21, 6067 Ulsteinvik
 Bucci Arkitektur & Design AS organisasjons nummer: 994495585
 Bucci Kontor Telefon: 70309630
 Bucci Kontor Epost:
 Senior Siv. ark. Georg Grimstad mobil: 91531717
 Senior Siv. ark. Georg Grimstad epost: georg@bucci.no

ORGANISASJONSPLAN MED FUNKSJONS- OG ANSVARSOMRÅDER

Blankett nr
11-011

ORGANISERING

Nedenforstående matrise viser faste ansvarsoppgaver for alle ansatte.


Skraverte felt viser hvilke ansvarsområder kontorets medarbeidere dekker.

NAVN	Ansvarlig for kontrahering	Oppdragsansvarlig	Ansv. saksbehandler	Medarbeider i prosjekt	SPESIELLE ANSVARS-OMRÅDER
Daglig leder: Georg Grimstad					Ansvarlig overfor styret, KS, faglig utvikling. Faglig leder SØK, PRO, KPR tiltaksklasse 3 Finansiering, økonomi, prosjektoppfølgning, statistikk Biblioteksansvarlig EDB-ansvarlig
Siv. Arkitekt B: Elina Goksøyr Leine					Saksbehandling
Siv. Arkitekt C: Anna Litwornia					Saksbehandling
Arkitekt D: Iver Olaf Grimstad					Adm., post, arkiv, innkjøp rekvisita etc. Arkivansvarlig Tegne-utstyr

Figuren er en vanlig tabell i Word, med kantlinjer og skraverte ruter.

ORGANISERING AV KONTORET I PROSJEKT FORMÅSENDRING ESPESET

Organisering av ett enkelt prosjekt bør ta utgangspunkt i prosjektets størrelse og kompleksitet. Ansvarsområder iht krav i Pbl og oppdragsgivers krav til prosjektets organisering må avklares. Krav til kompetanse og dekning av eksterne ansvarsområder iht Pbl kan også vises i organisasjonsplanen (fast samarbeidsavtale eller prosjektavtale). Organisasjonsplanen bør være del av prosjektets kvalitetsplan.



(Diagrammet er laget med tegnefunksjonen i Word. Boksene er tekstbokser.)

Gjennomføringsplan



arkitektur & design as
postboks 21, 6067 Ulsteinvik
Tel: 70309630 - post@bucci.no



Søknaden gjelder

Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse Dato Sign. Ansvar søker
Herøy i Møre og Romsdal 22 2 Espeset, 6095 BØLANDET 20.08.13 *Jes Olaf Gimstad*

Beskrivelse fagområde

Prosjektering

Fagområde	Ansvarsområde	Tilteksklasse	Foretakets navn	Søknad om rammetilteelse	Søknad om byggesøknads tilteelse /ell- trim søknad	Søknad om utarbeidings prosjekterings tilteelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvarsretten er avsluttet
Prosjektering av arkitektur	Arkitektur prosjektering	1	994495585 BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS				X	

{3D}

1





017.11 02

For Prosjekt		Periode	
ATLANTIKVIT & DESIGN AS SANDVEGEN 23, 0665 BERGENSK N-5022, NO 55121217 - BERGENSK		017.11 02	
REGULERINGSPLAN FOR ESPESET			
Dokument			
Akonomteri ny situasjon			
Dato	010913	Tydelig	05
Skala	1:500	Kontur	0,5
Blatt nr	017.11 02	Blatt	02

017.11 02

Copyright © 2013 ATLANTIKVIT & DESIGN AS





Fra: Malvin Sandbakk [<mailto:malvin@septik24.no>]

Sendt: 15. august 2013 14:31

Til: 'Georg Grimstad'

Kopi: Kristian Sandbakk

Emne: SV: Herøy kommune - espeset

Hei igjen!

Forstår det slik at du og har snakka med Krisitan Sandbakk vedrørende dette.

MS bekreftar at tilkomsten til denne tanken vil være tilstrekkelig under normale verforhold (Ikkje is, snø o.l)

Beste helsing

Malvin Sandbakk

Dagleg leiar

MiljøService

e: malvin@septik24.no

e: malvin@smartek.no

a: 57 87 46 62

m: 915 85 467

Fra: Georg Grimstad [<mailto:georg@bucci.no>]

Sendt: 14. august 2013 13:07

Til: 'Malvin Sandbakk'

Kopi: 'Rita Sævik'; espen@e-s.no; 'Vegard Fiksdal'

Emne: SV: Herøy kommune - espeset

Hei Malvin,

Stoda er no slik at om de stadfestar at dei teikningane eg sender over som vedlegg I denne e-posten er i samsvar med dei krav de set til tilkomsten til kum og framtidig Pumpestasjon basert på vilkår om at dette skal tømast når det ikkje er vanskelege Køyreforhold, så vil Herøy kommune kunne handsame ein søknad om dispensasjon Frå reguleringsplan som mogeleggjjer ei samanslåing av dei to bustadtomtene Som no er separerte av innregulert slange-trase'.

Kan de stadfeste at dette ser greit ut?

Mvh

Med vennlig helsing

Sivilarkitekt MNAL

Georg Grimstad

Bucci Arkitektur & Design AS

Mob: 91531717

E-post: georg@bucci.no

Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



Søknaden gjelder

Eiendom/Byggested

Kommune Gnr. Bnr. Adresse
Herøy i Møre og Romsdal 22 2 Espeset, 6095 BØLANDET

Foretak

Organisasjonsnummer Navn Adresse
994495585 BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS Postboks 21, 6067 ULSTEINVIK

Kontaktperson Telefon Mobiltelefon e-postadresse
Georg Grimstad 70309635 91531717 georg@bucci.no

Ansvarsområde

Søker

Ansvarsområde
Ansvarlig søker

Ansvarsområdet er ikke dekket av den sentrale godkjenningen.
Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

Prosjekterende

Ansvarsområde Tiltakskl. Samsvarserklæring foreligger ved
Arkitektur prosjektering 1 Ferdigatt.

Ansvarsområdet er ikke dekket av sentral godkjenning.
Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.
Vi forplikter oss til å stille med nødvendig kompetanse i tiltaket.

Tilleggsopplysninger for søknad om ansvarsrett der foretaket ikke har sentral godkjenning for ansvarsområder

Organisasjonsplan

Foretakets plan som viser organisasjonsstruktur, med ansvars- og myndighetsfordeling vedlegges
Foretakets ressurser og kvalifikasjoner med hensyn til utdanning og praksis:

Utdanningsnivå	0-3 års arbeidspraksis	4-7 års arbeidspraksis	>8 års arbeidspraksis
Universitet/høyskole høyere grad	3		1
Universitet/høyskole lavere grad			
Mesterbrev/fagskole			
Fagbrev/svennebrev			
Annen relevant kompetanse/utdanning		1	

Beskriv særlig relevant utdanning eller særlig kvalifiserende praksis
NTH Sivilarkitekt og AHO sivilarkitekt

Styringssystem

Systemet utviklet av Navn på leverandør Navn på system
Ekstern leverandør Arkitektbedriftene Maks 2005

Søknad om ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven



Styringssystem er tilpasset organisasjonen

Foretakets styringssystem er revidet ved

Foretaket benytter Revidert av Dato sist revidert
Intern revisjon Georg Grimstad 2010-11-15

Systemkrav

Foretakets styringssystem ivaretar plan- og bygningsloven herunder:

- Organisasjonsplan, jf. byggesaksforskriften § 1-2 første ledd bokstav e
- * Styring av andre foretak og personer som foretaket knytter seg til
- Hvordan foretaket ivaretar de plikter og oppgaver som følger av foretakets ansvar og funksjon, jf. byggesaksforskriften kap 12
- Hvordan foretaket identifiserer, ivaretar, herunder verifiserer og dokumenterer oppfyllelse av relevante krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven som gjelder for foretakets godkjenningssområde jf. byggesaksforskriften § 1-2 bokstav c, og med lokal godkjenning ansvarsområde. Dette for å sikre at alle relevante krav og vilkår oppfylles i tiltaket.
- Rutiner for å sikre at foretaket har nødvendige og oppdaterte kunnskaper om krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven som er relevante for foretakets godkjenningssområde
- Rutiner for å identifisere, behandle og lukke avvik, herunder hindre gjentagelse av avvik, fra krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven
- Rutiner for hvordan foretaket ivaretar registrering, versjonshåndtering, videreformidling og oppevaring av dokumentasjon som viser at krav gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven er oppfylt
- Rutiner for å sikre jevnlig gjennomgang og oppdatering av systemet

Erklæring og signering

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl kap 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger.

Ansvarlig prosjekterende erklærer at prosjekteringen skal være planlagt, gjennomført og kvalitetssikret i henhold til pbl.

Foretaket forplikter seg å stille med kompetanse som angitt i ansvarsoppgaven.

Ansvarlig søker



Dato 20.08.13

Signatur Georg Olaf Grimstad


Ansvarlig foretak

Dato 20.08.13

Signatur Georg Olaf Grimstad




1 {3D}



017.11 | 02

Arkivnummer		Rev. nr.			
SVEZI					
SVEZI A&S DESIGN AS					
NÅLSTRASSE 21, 4065 BIRKERØK					
Tlf: 91311317 - sv@svezi.no					
Reguleringsplan for					
Espeset					
Dokument					
Alkometri 2 eks regulering					
Dato	199813	Utgave	05	Kartell	003
Utt		Kartell nr.	128438	202	
Saks		Prosjekt nr.			
		Side nr.			
		Rev			

017.11 | 02



10.5.2012

TEIKNFORKLARING

Begyngelse og anlegg (§12-5 NR.1)

- Boligbygging - fritliggende småhusbygging
- Øvrige kommunaltekniske anlegg
- Uthus/haustubadhus
- Lekaplass

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 NR.2)

- Kjøreveg
- Annen veggrunn - tekniske anlegg
- Annen veggrunn - grøntareal
- Parkering

Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (§12-5 NR.5)

Hensynsoner (§12-6)

- Friluftsmål
- Infrastruktursoner - Rekketolgekav grønnstruktur
- Angitthensynsoner - Bevaring kulturmiljø

Juridiske linjer og punkt

- Planens begrensning
- Formålsgrænse
- Regulert tomtegrænse
- Eiendomsgrænse som skal oppheves
- Byggegrænse
- Begyngelse som inngår i planen
- Infrastrukturgrænse
- Angitthensyngrænse
- Friskitslinje
- Regulert senterlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Målelinje/Avstandslinje
- Avkjørsel

Eierform:
 o = Offentleg formål
 f = Felles privat formål

Kartopplyninger
 Kilde for basiskart: Geovekst AS
 Dato for basiskart: April, 2012
 Koordinatsystem: UTM zone 32 / Europe89
 Høydegrunnlag: NN 1954




Basiskart er tegnet med svak gråfarge

Reguleringsplan for Espeset gnr.22 bnr.2
 MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Arealplan-ID: 201205
 Forslagstiller: Espen Fikselid
 Kartprodusent: AG Plan og Arkitektur AS

REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN
REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN	REVISJON AV PLAN
A. Revidert lit. vedtak i Formannskapet 28.06.2011. Sak 195/11	04.07.11.	EAH	SIGN.
B. Revidert som følge av offentlig ettersyn	05.01.12.	EAH	EAH
SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN			
Kommunestyrets vedtak:	23/12	23.02.12.	OMR
2. gangs behandling i Formannskapet	75/12	14.02.12.	OMR
Offentlig ettersyn fra 08.07.2011. til 19.08.2011.	195/11	28.06.11.	OMR
1. gangs behandling i Formannskapet	364/10	07.12.10.	OMR
Kunngjøring av oppstart planarbeidet	PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEEL.
PLANEN UTARBEIDET AV:	AG Plan og Arkitektur AS		OMR



"REGULERINGSPLAN FOR ESPESET, GNR. 22 BNR. 2 M. FL."

Planidentifikasjon:	Eigengodkjenningssdato	Eigengodkjend av:
201205	23.2.2012	Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til eller går dels inn på fylkesveg nr. 17 (gnr. 22 bnr. 32)

I sør: Grensar til sjøareal og gnr. 22 bnr. 6

I aust: Grensar til eller går dels inn på gnr. 22 bnr. 3

I vest: Grensar til eller går dels inn på gnr. 22 bnr. 1 og 8

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus, FS1 – FS6
- Andre kommunaltekniske anlegg – pumpestasjon, slamavskiljar, AKA
- Naust, N1-N4
- Leikeplass, LP1 – LP2

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg, V1-V3
- Annan veggrunn - teknisk anlegg
- Annan veggrunn – grøntareal
- Parkeringsplassar, P

Landbruks-, natur og friluftsføremål (PBL § 12-5, nr. 5)

- Friluftsføremål, FRI

Infrastruktursone (PBL § 11-8 b, jf. § 12-6)

- Rekkjefølgjekrav grøntstruktur – leikeplass (H450)

Sone med angitte særlege omsyn (PBL § 11-8 c, jf. § 12-6)

- Bevaring kulturmiljø (H570)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense.

- b. Innanfor byggeområde kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.

§ 6 – AREALBRUK

- a. I område merka "FS" kan det byggjast frittliggjande småhus – einebustad, eventuelt med sekundærhusvære (leilegheit).

- b. Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum 30 %
- N1 - område: maksimum bebygd areal er sett til 81 m².
- N2 - område: maksimum bebygd areal er sett til 122 m².

Tillate bebygd areal (BYA) er definert i samsvar med NS 3940:2007. BYA gjev tillate bebygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass. Oppgitt maksimum bebygd areal samsvarer med avgrensing vist ved byggjegrænse.

§ 7 – BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5, nr. 1)

1. Generelt:

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade.

Garasje skal som hovudregel plasserast min. 5 m frå regulert trafikkareal, dette sjølv om byggjegrænse er vist som 4 m frå regulert vegareal. Kommunen kan, om utbygginga på tomta gjer det nødvendig med garasje med innkøyring parallelt med veg, tillate slik oppført inntil 2,5 m frå regulert trafikkareal.

Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal. Krav til tal biloppstillingsplassar er to (2) stk. per husvære. Minimum ein (1) parkeringsplass skal byggjast i garasje eller carport. På situasjonsplan skal plassering av garasje/carport/parkeringsplass visast.

- a. I område merka "FS" skal bygningar ikkje ha større gesimshøgde enn 6,5 m og mønehøgde ikkje over 8,5 m. I område merka "FS" skal carportar/garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgde. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3,5 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

- b. I område merka "AKA" skal det etablerast pumpestasjon og slamavskiljar.

I område merka "N2" og "N3" skal naust ha ei maksimum gesimshøgde lik 3,5 m og maksimum mønehøgde på 5,5 m i forhold til gjennomsnittleg planert terreng, jf. målereglane fastsett i PBL og tekniske forskrifter. Maksimum bebygd areal er sett til 81 m² for N2 og 122 m² for N3. For N2 og N3 er formålsgrænse lik byggjegrænse.

Bygningskonstruksjonar under cote 2,5 skal vere i betong som toler bølgeslag.

Naustet tilhøyrande hovudbruket og naustet med tilhøyrande anlegg på gnr. 22, bnr. 6 inngår i reguleringsplanen, N1 og N4. Det er ikkje tillate å byggje på/utvide nausta.

Nausta skal vere i tradisjonell stil med trekledning. Naust/sjøhus skal gjevast ei enkel utforming utan arker, kvistar og andre takopplett, balkongar, karnapp eller andre fasadeelement. Nausta kan nyttast til oppbevaring av reiskapar, båtar og anna sjørelatert utstyr. Nausta skal ikkje innreiast med sikte på å bli brukt til varig opphald/overnatting/fritidshusføremål.

- c. Felles leikeplass, merka "LP1" og "LP2", er felles for FS-områda innanfor planområdet. Leikeplassane skal, ved utbygging, setjast i ein slik stand at dei er eigna for leik og opphald, jf. TEK § 10-2 og REN § 10-2. Leik for born i alderen 1-7 år skal prioriterast.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomte skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmande skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon tilpassa føresett arealbruk. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabotomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- d. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- e. Innafor kvar tomt må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- f. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- g. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vognivået. Ved avkøyrslø gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.
- h. Som minste opphaldsareal ute (MUA) skal det på privat bustadareal opparbeidast min. 20 m² areal eigna til leik pr. buening. Areal mot veg skal vere inngjerda. Arealet skal gå fram av situasjonsplan.

§ 9–SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

V1 er tilkomstveg til feltet, vist som privat veg.

V2 er felles for den eine tomte innanfor FS3, gnr. 22, bnr. 6 og 14. V2 er vist som privat veg.

V3 er tilkomstveg til kommunalteknisk anlegg – pumpestasjon og slamavskiljar. V3 er vist som privat veg.

V1 er dimensjonert for 30 km/t (jf. siktkrav). Nødvendig skiltvedtak må gjerast i tilknytning til søknad om utbygging.

Parkeringsplassane i enden av V3, kan nyttast i tilknytning til bruk av naustområdet.

I vegarealet kan det også leggjast VA-leidningar, el-, fiber- og telekablær.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

§ 10 – LANDBRUKS-, NATUR OG FILUFTSFØREMÅL (PBL. § 12-5, nr. 5)

Friluftsmål:

I friluftsområde, FRI, er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for bruken av området. Det kan etablerast gangsti i området.

§ 11 – SIKRINGSONE (PBL. § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

Frisiktsone (H140):

Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 12 – INFRASTRUKTURSONE (PBL. § 11-8 b, jf. § 12-6)

Rekkjefølgjekrav grøntstruktur (H450):

Som infrastruktursone, kode H450, er det vist krav om opparbeiding av felles leikeplassar "LP1" og "LP2".

§ 13 – SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (PBL. § 11-8 c, jf. § 12-6)

Bevaring kulturmiljø (H570):

Gjeld SEFRAK-registrert og verneverdig løe på gnr. 22 bnr. 2.

§ 14 – KRAV OM REKKJEFØLGJE (PBL. § 26)

- a. Felles leikeplass LP1 og LP2 skal opparbeidast og ferdigstillast seinast når halve bustadarealet er utbygd, jf. FS-areal.
- b. Før utbygging vert sett i verk skal tiltakshavar avklare med kommunen om feltet skal byggjast ut gjennom Utbyggingsavtale. Slik avtale skal ev. omfatte vegar, leidningsnett til vatn-, avløps- og overvassanlegg, slamavskiljar og/eller pumpestasjon samt EI- og teleforsyning.

Føresegnene er revidert 4.7.2011, etter vedtak i formannskapet 30.6.2011 (sak 195/11).

Føresegnene er revidert 5.1.2012, etter pålegg frå Utviklingsavdelinga.

Føresegnene er revidert 27.1.2012, av Utviklingsavdelinga.

Herøy kommune, 26.4.2012


ordfører



rådmann



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2013/1038

Arkivkode
22/2

Dato
09.10.2013

RITA SÆVIK OG ESPEN ERVIK. UTTALE TIL SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN, GNR.22 BNR.2 PÅ ESPESETH.

I samband med ovanstående søknad vil Anleggs- og driftsavdelinga gi følgjande uttale:

Det vert i sakspapira vist til at planområdet skal koplast til offentlig avløpsanlegg. Der er ikkje utbygd offentlig avlaupsanlegg i dette området på noverande tidspunkt. Sidan det her er snakk om etablering av privat avløpsanlegg, så må det søkjast om utsleppsløyve. Kravet frå Anleggs- og driftsavdelinga vil vere at reinseløysinga som det vert søkt om, tilfredsstillir krava i forurensningsforskrifta kapittel.12. Utsleppsløyvet skal vere godkjent i forkant av eit evt. byggeløyve.

Utover ovanstående så har ikkje Anleggs- og driftsavdelinga nokon merknad til søknaden.

Med helsing

Jon Rune Våge

Fred Arnesen





Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2013/1038	Saksbe AZT
24 SEPT. 2013	
Ark kode P	22/2
Ark kode S	
Jrnr	Dok nr 4
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/108417-002

Dykkar referanse:
2013/1038

Vår dato:
20.09.2013

Herøy kommune - Gnr. 22 bnr. 2 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan - Rita Sævik og Espen Ervik - Uttale

Viser til skriv av 3.9.2013 frå Herøy kommune.

Saka gjeld dispensasjon frå reguleringsplanen Espeset - plan vedteken 23.2.2012 av Herøy kommunestyre – med sikte på samanslåing av to bustadtomer innanfor områda FS5 og FS6.

Statens vegvesen har ingen merknad til at det vert dispensert frå reguleringsplanen som omsøkt.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for *Ole Jan Tønnesen*
Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	13.09.2013	55480/2013/DISPENSASJON	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	14.10.2013

Herøy kommune - bruksendring gbnr 22/2 teknisk anlegg til bolig - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Kulturminne frå nyare tid

Det er eit fint kulturminnemiljø langs etter gamlevegen i området, og kulturlandskapet rundt har verdi. Dersom ein skal klare å ta vare på det saman med nye tomter og hus, bør vidare bygging i området skje etter reguleringsplan. Gamlehusa ligg heilt inn i den smale vegen. Trafikkforhold og kor vidt det er sannsynleg at fleire vil bygge i området i tida framover må også vurderast før ein gjev løyve til bygging her.

Vi rår sterkt i frå dispensasjon i saka, og tilrår oppstart av reguleringsplan for området.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk, tlf 71258928

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNEVÅG

 HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1038	Saksbeh. AZT
14 OKT. 2013	
Ark.kode P 22/2	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 7
Kassasjon	

Telefon: 70 08 64 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref: 2013/1 038 UTV/AZT


Vår ref: AKL

Dato: 14.10.2013

Uttale til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for Espeset

Ut frå våre saksområde har vi merknad til at endringa fører til ei tomtestørrelse på 3,7 dekar. I høyringa til planen var vi kritiske til at det vart nytta så vidt stort areal med dyrka mark til bygging av bustader. Når ein likevel skal nytta dyrka mark til bustadbygging bør ein i større grad utnytte areala på ein rasjonell måte.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
15.10.2013
Dykkar dato
03.09.2013

Vår ref.
2013/6042/ASBU/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1038	Saksbet. ART
21 OKT. 2013	
Ark. kode P 22/2	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 9
Kassasjon	

Herøy kommune. Endring av reguleringsformål gnr22 bnr2 - Rita Sævik og Espen Ervik. Fråsegn til dispensasjon frå reguleringsplan for Espeset.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Strandsona

Søknaden gjeld samanføyning av to bustadtomter nær sjøen til ei større på om lag fem dekar. Heile 100-metersbeltet langs sjøen er i utgangspunktet definert som eit område av nasjonal interesse med bygge- og deleforbod (jf. plan- og bygningslova § 1-8). Bakgrunnen for dette forbodet er at den nære strandsona normalt bør haldast fri for bebyggelse ut frå ålmenta sine interesser og av landskaps- og naturfaglege omsyn.

Etter plan- og bygningslova § 1-8 skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen. Der det likevel er aktuelt med utbygging, skal dette skje etter bevisst og langsiktig planlegging og ikkje på grunnlag av enkeltvise dispensasjonar for tiltak. Fylkesmannen viser til dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (SPR) som skal leggest til grunn ved handsaminga av søknaden. Etter § 19-2 kan kommunen ikkje gi dispensasjon dersom omsyna det blir dispensert i frå blir sett vesentleg til side. Fordelane ved å gi dispensasjon må i tillegg vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Vurdering og konklusjon

Fylkesmannen meiner at søknaden strir mot nasjonale mål for bruk og vern av strandsona, då *ei* stor bustadtomt legg beslag på sjønært bustadareal regulert for fleire bustader. Herøy kommune har eit relativt stort utbyggingspress i strandsona, og det må leggest til grunn at utbyggingspresset på strandsoneareal andre stader venteleg vil auke.

Fylkesmannen rår difor frå søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Astrid Buset

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/1018
		Arkiv:	60/46

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

**KJARTAN RABBEN 60/46 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ
KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV TILLEGGSAREAL TIL
EKSISTERANDE BUSTADTOMT.**

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det i medhald av PBL § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av om lag 300 m² frå gnr. 60 bnr. 46 på Moltustranda i Herøy som tilleggsareal til gnr. 60 bnr. 259. Samstundes vert det også gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Dispensasjonen er grunngeven med at frådelinga gjeld ei praktisk tilpassing av eigedomsforholda til ein alt eksisterande situasjon og at det ikkje vil innebere nye fysiske terrenginngrep.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Kjartan Rabben, 6076 Moltustranda

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Kjartan Rabben, datert 16.08.2013.

Kopi av frådellingssøknad m/vedlegg frå Kjartan Rabben, datert 11.04.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 04.09.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 03.10.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 10.10.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser omsøkt frådelling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Kjartan Rabben har med utfyllt søknadsskjema, datert 16.08.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av ein parsell på om lag 300 m² frå gnr. 60 bnr. 46 på Moltustranda i Herøy. Parsellen er tenkt nytta som tilleggsareal til ei eksisterande bustadtomt, gnr. 60 bnr. 259.

Vedlagt søknaden følgde vidare utfyllt søknadsskjema for deling av grunneigedom, datert 11.04.2013. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 26.08.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Dei omsøkte arealet er på om lag 300 m². Som grunngeving for søknaden viser Rabben til at det i dag er garasje og tilkomstveg på det aktuelle arealet og at dette vert nytta av den ovannemnde bustadeigedom. Tiltaket vert såleis gjennomført med sikte på å «rydde opp i» ein del praktiske eigedomsforhold før resten av bruket skal seljast/overførast til ny eigar.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 04.09.2013

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 03.10.2013

Tilsvarande uttalar også Fylkeskommunen at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 10.10.2013

Landbrukskontoret konkluderar i sin uttale med at eigedomen er marginal i landbrukssamanheng og at arealet som er søkt frådelt som tilleggsareal til bustadtomt, ikkje vil kome i konflikt med jordvernet. Det vert elles vist til at tiltaket ikkje treng vedtak etter jordlova § 9, men berre samtykke til frådelling etter § 12.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg langs kommunevegen forbi Munkestranda på Moltustranda, mellom vegen og den aktuelle bustadtomta (gnr. 60 bnr. 259). Tiltaket ligg elles i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og er såleis avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med tilvising til uttalen frå Landbrukskontoret vil tiltaket krevje samtykke til frådelling etter § 12 i jordlova, men det er ikkje naudsynt med løyve til omdisponering i medhald av § 9.

Ingen av uttaleorgana har merknader til søknaden sidan dette berre er tale om ei praktisk eigedomstilpassing til ein alt eksisterande situasjon. Det omsøkte tiltaket vil såleis ikkje innebere nye fysiske inngrep i det aktuelle området. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil ein dispensasjon som omsøkt korkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova og fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som klart større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 29.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

60

Bnr.

46

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

G60/259 har vegrrett til tomte og bruksrett til garasje.
Det er ynskjeleg å overføre full eigedomsrett til
b 259 for veg og garasje, men med bruksrett til 1/2 garasje
for G60/B46 så lenge det er behov.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Kommuneplanen

Grunngjeving:

Sjå omtalen ovanfor. Dette vil forenkle
del av G60/B46 som no er på gang.

Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn

Kjarten Rabben

Adresse

Postnr.

6076

Postadr.

Holtåstr

Telefon

70085732

Mobiltlf.

41573038

Dato:

16.8.13

signatur



Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 203/108	Saksbeh. HR
19 AUG. 2013	
Ark kode P 60/46	
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
60	46			Kjartan Rabben
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

- Sakstype I og II (PBL § 20-1)**
- Deling og oppmålingsforretning av:
- Ny grunneigedom
 - Anleggseigedom
 - Anna: (spesifiser) _____
- Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring.*)
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punktfeste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Sakstype III (Matrikellova)**
- Grensejustering (matrikelforskr. § 34)
- Klarlegging av eksisterande grenser (matrikelforskr. § 36)
- Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikelforskr. § 31)
- Registering av uregistrert jordsameige (matrikelforskr. § 32)
- Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikelforskr. § 35)
- Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	300 m ²	Bustad, 129,9 areal	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gnr. 60 Bnr. 259
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Er du trygg mot rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve? Jf. pbl § 28-1.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspenningskraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m **Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette**

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggjast ved.

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: Ja Nei
Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei
Privat vassverk: Ja Nei
Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggjast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggjast ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

1 Situasjonsplan, (reguleringsplan) _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

_____ Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)


_____ Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

Gnr 60 bnr. 259 har hatt vegrett over Gnr 60 bnr. 46. Vegen vart bygd i 1975. Det har eit par år etterpå vorte bygd ei garage ved denne vegen. Garasjen er dobbel og har vore til bruk for Gnr 60 bnr. 259 og Gnr. 60 bnr. 46 i fellestap. Det er ynskaleg no at veg og garage vert lagt til Gnr. 60 bnr. 259 ved sal av Gnr. 60 bnr. 46 til ny eigar som framleis får nytte sin del av garasjen. Leiðing til Holtst. Vassverk vart smulagd og kryssar vegen etter at vegen var lagd des

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
11.04.13	Kjartan Rabben	
Adresse		Postnr/stad
		6076
E-postadresse		Telefon
kjartanr@tusse.com		70085132 / 41573538

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato Betalar sitt namn med blokkbokstavar Betalar si underskrift

Postnr/stad



Tilleggsdel 67660/15 10



Utv.

Saksbehandlar, innvalstelefon
seksjonssjef Jon Ivar Eikeland, 71258468

Vår dato
04.09.2013
Dykkar dato
26.08.2013

Vår ref.
2013/5657/JOEI/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2013/1018	Saksbei. <i>K</i>
- 6 SEPT. 2013	
Herøy kommune	60/46
J nr	Dok nr 3
Kassasjon	

Herøy kommune
Frådeling av tilleggsareal til eksisterande bustadtomt gnr60 bnr46
Kjartan Rabben
Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader til søknaden.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar


Jon Ivar Eikeland
seksjonssjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

3

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/1018	Saksbeh. HK
- 3 OKT. 2013	
Ark.kode P 60/46	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/1018	26.08.2013	52897/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	03.10.2013

Herøy kommune - frådelling gbnr 60/46 tilleggsareal gbnr 60/259 - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2013/1018	Saksbeh. HR
11 OKT. 2013	
Ark.kode P 60/46	
Ark.kode S	
Dok.nr. 6	
Kassasjon	

Telefon: 70 08 4670
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
2013/1018 UTV/HR

Vår ref:
AKL

Dato:
10.10.2013

Uttale til søknad frå Kjartan Rabben på gnr 60 bnr 46 i Herøy om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av tilleggsareal til eksisterande bustadtomt

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådelling av 0,3 dekar som tilleggsareal til eksisterande buastadromt. Det står ein garasje på arealet og arealklassa er i all hovudsak open jorddekt fastmark. Søknad treng ikkje vedtak etter jordlova §9, men berre vedtak etter jordlova §12.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal:
Samla areal på innmark er 3,9 dekar overflatedyrka jord og innmarksbeite. Anna areal utgjer 8,3 dekar.
Totalt areal på eigedomen er 12,2 dekar.

Saka er vurdert etter endringane i Jordlova og rundskriv frå LMD datert 01.07.2013.

§ 12 i jordlova – deling.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.


Vurdering og konklusjon:

Eigedomen er marginal i landbruksamheng og arealet som er søkt frådelt som tilleggsareal til bustadtomt er ikkje i konflikt med jordvernet. Vi rår til frådelling som omsøkt.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Gardskart for 60/46



0 20 40 60m

Målestokk 1 : 2000 ved A4 utskrift
Utskriftsdate: 10.10.2013

GÅRDSKART 1515-60/46
Tilknyttede grunnleilendommer:
60/46



Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING

- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Skog av seers høg bonitet
- Skog av høg bonitet
- Skog av middels bonitet
- Skog av lav bonitet
- Uproduktiv skog
- Myr
- Åpen jorddekt fastmark
- Åpen grunnleilendt fastmark
- Bebyggd, samt, vann, bre
- Ikke klassifisert
- Sum:

AREALTALL (DEKAR)

Fulldyrka jord	0,0	
Overflatedyrka jord	3,1	
Innmarksbeite	0,8	3,9
Skog av seers høg bonitet	0,0	
Skog av høg bonitet	0,1	
Skog av middels bonitet	1,1	
Skog av lav bonitet	0,0	
Uproduktiv skog	0,1	1,3
Myr	0,0	
Åpen jorddekt fastmark	7,0	
Åpen grunnleilendt fastmark	0,0	7,0
Bebyggd, samt, vann, bre	0,0	
Ikke klassifisert	0,0	0,0
Sum:	12,2	12,2

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser på flyfoto
- Eiendomsgrenser

EKS. BUSTADTOMT

60/375

60/259

60/37

60/429

60/46

OMSØKT FRADELING

60/46

HERØY KOMMUNE

21.08.2013 1:500

Det kan forekomme feil i kartet

0 5 20 m



LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/987
		Arkiv:	8/9

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
115/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

ELSA KVALSVIK 8/9 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BEBYGT BUSTADTOMT.

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det i medhald av PBL § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei tomt på om lag 1000 m2 med påståande bustadhus frå gnr. 8 bnr. 9 i Kvalsvika i Herøy. Samstundes vert det gjeve løyve til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og samtykke til frådeling, jfr. §§ 9 og 12 i jordlova.

Dispensasjonen er i hovudsak grunngjeven med at drifta på bruket i dag er av ein slik karakter at bruket ikkje har behov for 2 bustadhus.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Elsa Kvalsvik, Brekkevegen 6, 6098 Nerlandsøy
Hans Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Hans Kvalsvik, journalført 20.08.2013.
Kopi av frådellingssøknad m/vedlegg frå Elsa Kvalsvik, journalført 08.08.2013.
Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 24.09.2013.
Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 03.10.2013.
Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 11.10.2013.
Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser omsøkt frådelling.
Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Hans Kvalsvik har med utfylt søknadsskjema, journalført 20.08.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å dele frå eit areal med påståande bustadhus frå gnr. 8 bnr. 9 i Kvalsvika i Herøy. Frådellingssøknaden, underteikna av grunneigaren Elsa Kvalsvik, kom inn litt tidlegare og er journalført 08.08.2013. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 26.08.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Dei omsøkte arealet er på om lag 1000 m² og gjeld det gamle bustadhuset på eigedomen. Kvalsvik opplyser elles som grunngeving at frådelinga vert gjennomført med sikte på at ein av sønene skal overta resten av bruket. Samla areal på eigedomen er på 26,2 da. Av dette utgjør innmarka 15,3 da fordelt på 8,6 da overflatedyrka mark og 6,7 da innmarksbeite. Anna areal utgjør 10,9 da.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 24.09.2013

Fylkesmannen uttalar på generelt grunnlag at ein skal vise varsemnd med denne type frådellingar. Dette med tilvising til at det på sikt kan kome eigarar i huset utan tilstrekkeleg forståing for eller innsikt i at aktiv landbruksverksemd i periodar kan medføre både støy, støv og lukt og at dette naturleg nok vil kunne opplevast som ei ulempe. I tillegg meiner Fylkesmannen at slike frådellingar vil kunne gi press og forventning om vidare bustadbygging i nærleiken.

Når det er sagt konkluderar Fylkesmannen med at nemnde faktorar ikkje er av stor tyngde når det gjeld den type jordbruksdrift som her er aktuell og vil difor ikkje fråå søknaden. Det vert imidlertid avslutningsvis vist til at ved ei frådelling av kårhuset som her omsøkt, så ligg det i saka at det ikkje kan førast opp noko nytt kårhus.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 03.10.2013

Fylkeskommunen uttalar at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 11.10.2013

Landbrukskontoret skriv i sin uttale at det i dag ikkje er naudsynt med 2 bustadhus på bruket. Ei frådelling som omsøkt vert likevel ikkje sett på som uproblematisk då tomte vil få same oppkøyrse som loda og sidan 2 sider av tomte vil ligge inn mot dyrka mark. I tillegg til dette vil tomte etter frådelinga også vere fritt omsetteleg.

Landbrukskontoret vil trass dette ikkje gå imot frådelinga og grunngjev dette i hovudsak med at det i dag ikkje er behov for 2 bustadhus på bruket. På tilsvarende måte som Fylkesmannen legg imidlertid Landbrukskontoret til at dette inneber at det seinare ikkje vil kunne førast opp eit nytt hus nr. 2 på bruket.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg for enden av Brekkevegen i Kvalsvika. Bustadeigedomen er klart avgrensa av gjerde, murar og beplantning, men inngår som ein del av bruket (gnr. 8 bnr. 9). Det er i tillegg eit nyare bustadhus på bruket.

Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådelling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. I tillegg til dette må det vidare gjevast løyve til omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i medhald av § 9 i jordlova og samtykke til frådelling etter same lovs § 12.

Alle uttaleorgana er positive til søknaden, men det kan likevel nemnast at både Fylkesmannen og Landbrukskontoret understrekar at ei frådelling som omsøkt vil innebere at det seinare ikkje vil kunne førast opp eit nytt hus nr. 2 på bruket.

Med tilvising til at det omsøkte tiltaket gjeld frådelling av eit alt etablert bustadhus vil det ikkje innebere nye fysiske inngrep i det aktuelle området. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil difor ein dispensasjon korkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 29.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

8

Bnr.

9

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Vil overta Jorda.
Og dele i frå gamlehuset.



HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

Reg.nr.

2013/987

Saksbeh.

HR

20 AUG. 2013

Ark kode P

8/9

Ark kode S

J nr

Dok nr

3

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Dispensasjon frå arealformålet
i kommune planen.

Grunngjeving:

Bygde hus for 22 år siden og nå vil eg/vi
overta Jorda. Driv Jorda i dag.
Vil dele i frå gamlehuset. som Elsa fortsatt
skal bo i

Varsling av naboar/gjenbuvarar vedlegg nr.:

Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.:

Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn HANS KVALSVIK

Adresse MERLANDSØY

Postnr. 6098

Postadr.

Telefon 70087732

Mobiltlf. 91646502

Dato:

Ham. Kvalsvik
signatur

Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h (jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
203/987 Saksbeh. HR
- 8. AUG. 2013
Side P 8/9
Side S
Dok. nr.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
 II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
 III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
8	9			Elsa Kualsv. K
				Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
				Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
				Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

- Sakstype I og II (PBL§93)**
- Deling og oppmålingsforretning av:
 Ny grunneigedom
 Anleggseigedom
 Anna: (spesifiser) _____
 Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring*)
 Oppretting av festetomt
 Oppretting av punktbeste
 Anna: (spesifiser) _____
 Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Sakstype III (Matrikkellova)**
- Grensejustering (matrikkelforskr § 34)
 Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36)
 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr §31)
 Registering av uregistrert jordsameige (matrikkelforskr. § 32)
 Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr:	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvsendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.
1	1000 m ²	Bustad	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

5. Arealdisponering

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan (område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis utrekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf. pbl § 68.

Ja Nei (Viss nei, må kompenserande tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspenst kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

8. Tilkomst - jf. pbl § 66 nr. 1 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggest ved.

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 65 og 66

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggest ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggest ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Kart/situasjonsplan _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

Dispensasjonssøknad _____ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

Dell frå gamlehuset. Resten av 8/9 skal taleast over av son.

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvisenten sitt namn (med blokkbokstavar)

Rekvirenten si underskrift

Adresse **ELSA KVALSVIK**

Postnr/stad **6098 NERLANDSØY**

E-postadresse

Telefon

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar

Betalar si underskrift

2/8-13. HANS KVALSVIK

Hans Kvalsvik

Postnr/stad

6098 Nerland søy



SØRE SUNNMØRE TINGRETT

USKIFTEATTEST

13-063845DFA-SOSU

Vi attesterer å ha fått melding om at


Mass Jakob Kvalsvik
fødselsnr. 10.10.1935 45965
Brekkevegen 6, 6098 Nerlandsøy,

døydde 28.03.2013.

Den attlevande ektemaken Elsa Kvalsvik, fødselsnr. 09.06.1938 45032, Brekkevegen 6, 6098 Nerlandsøy, har teke over buet i uskifte på dei vilkåra som er fastsette i arvelova av 3. mars 1972 nr. 5 kap. III.

Unnateke
off. heit
jf. offl. § 26


Søre Sunnmøre tingrett, 06.06.2013


Lisbeth Wangen
førstekonsulent



Rett kopi/gjenpart bekreftes
Nordea Bank Norge ASA
6090 Fosnavåg





Tett skog

 **HERØY KOMMUNE**
10.04.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet






Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
2013/987	Saksbeh. <i>HE</i>
26.08.2013	
8/9	
	Duk nr. 7

Herøy kommune Frådeling av bebygd bustadtomt gnr8 bnr9 - Elsa Kvalsvik Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Landbruksinteresser

Det er søkt om frådeling av eitt av dei to bustadhusa på garden. Huset utgjer ein del av tunområdet på eigedomen, som består av om lag 9 dekar overflatedyrka jord og 7 dekar innmarksbeite. Eigar av bruket driv jorda på fleire eigedomar, og har nærare 80 sau.

Huset er plassert i ytterkanten av tunet, inntil dyrkajord på nord- og vestsida. Ein skal vise varsemd med å tillate slike frådelingar. Dette mellom anna fordi ei frådeling på sikt kan medføre at det blir eigarar av huset som ikkje har forståing eller innsikt i at aktiv landbruksverksemd i perioder medfører både støy, støv og lukt som kan opplevast som ei ulempe. I tillegg kan enkeltfrådelingar av hus bidra til å fragmentere jordbrukslandskapet og gi press og forventning om vidare bustadbygging i nærleiken.

I dette området og med den type jordbruksdrift som er aktuell her, ser vi ikkje at desse faktorane er av stor tyngde, og vi vil difor ikkje rå ifrå søknaden. Vi minner likevel om at saka må handsamast etter jordlova, der mellom anna noverande og framtidig behov for eit kårhus må vege tungt. Vi minner om at dersom kommunen finn det forsvarleg å dele ifrå kårhuset, ligg det i saka at det ikkje kan førast opp eit nytt kårhus.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
seksjonssjef

Fagsaksbehandlarar

Landbruk: Kari Bjørnøy, tlf. 71 25 81 22

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/987	Saksbeh. HK
- 3 OKT. 2013	
Ark. kode P 8/9	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 8
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
13/987	26.08.2013	52889/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	03.10.2013

Herøy kommune - frådeling bebygd bustadtomt gbnr 8/9 - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/987	Saksbeh. HR
14 OKT. 2013	
Ark.kode P 8/9	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 9
Kassasjon	

Telefon: 70 08 4670
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
2013/987 UTV/HR

Vår ref:
AKL

Dato:
11.10.2013

Uttale til søknad frå Elsa Kvalsvik på gnr 8 bnr 9 i Herøy om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bebygt bustadtomt

Samandrag av saka:

Søknaden gjeld frådelling av 1 dekar med våningshus og del av ein garasje. Areal ligg i tunet på bruket ved vegen som går opp til låven. Arealklassa er open jorddekt fastmark.

Elsa Kvalsvik ynskjer å sitte igjen med våningshuset og overdra resten av eigedomen til sonen som bur i det andre bustadhuset på bruket. Huset til sonen vart i si tid bygt som hus nr. 2 på bruket. Det er i dag aktiv drift på bruket med om lag 80 sau. I tillegg til eige areal vert det leigd areal frå andre bruk.

Saksopplysningar:

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal:

Samla areal på innmark er 15,3 dekar innmark der 8,6 dekar er overflatedyrka og 6,7 dekar er over er innmarksbeite. Anna areal utgjer 10,9 dekar. Totalt areal på eigedomen er 26,2 dekar.

§ 12 i jordlova – deling.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Viss det ikkje lenger er bruk for to bustadhus på bruket, kan det eine huset delast ifrå. Ei slik frådelling må ikkje vere til ulempe for å halde fram landbruksdrift. Eit bustadhus som ligg i tunet kan normalt ikkje delast ifrå da det kan føre til ulemper for drifta på bruket.


Vurdering og konklusjon:

Ut ifrå den drifta på bruket i dag er det ikkje er naudsynt med to bustadhus. Frådelling av hus nr 2 som omsøkt er ikkje heilt uproblematisk da det har same oppkjørsel som låven. To sider av huset ligg inn mot dyrka mark. Ei frådelling vil føre til at huset vert eit fritt omsetteleg hus og ikkje ein del av bruket. Drifta på bruket og i området er likevel av ein slik karakter ein vi kan ikkje vil rå ifrå ei frådelling. Tilrådinga er gitt ut frå at det ikkje er trong for to bustadhus på bruket. Ved frådelling ligg det i saka at det ikkje kan førast opp ei nytt hus nr 2 seinare.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Gardskart for 8/9



0 10 20 30m
 Målestokk 1 : 1500 ved A4 utskrift
 Utskriftsdato: 10.10.2013

GÅRDSKART 1515-8/9
 Tilknyttede grunnleilendommer:
 8/9



**Markslog (AR5) 13 klasser
 TEGNFORKLARING**

- Fulldyrka jord
- Overfattedyrka jord
- Inmarksbeite
- Skog av særst høg bonitet
- Skog av høg bonitet
- Skog av middels bonitet
- Skog av lav bonitet
- Uproduktiv skog
- Myr
- Åpen jorddekt fastmark
- Åpen grunnlendt fastmark
- Bebyggd, samf, vann, bre
- Ikke klassifisert

AREALTALL (DEKAR)	
Fulldyrka jord	0,0
Overfattedyrka jord	8,6
Inmarksbeite	6,7
Skog av særst høg bonitet	0,0
Skog av høg bonitet	0,0
Skog av middels bonitet	0,0
Skog av lav bonitet	0,0
Uproduktiv skog	0,7
Myr	0,0
Åpen jorddekt fastmark	9,7
Åpen grunnlendt fastmark	0,1
Bebyggd, samf, vann, bre	0,4
Ikke klassifisert	0,0
Sum:	26,2


Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.
 I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning.
 Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.
 Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser på flyfoto
- Eiendomsgrænser

□ - Omsolst areal fædelling

OMSØKT FRÅDELING



Svinøy fyr

BL

HERØY

NFFFA

LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/902
		Arkiv:	56/3

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
116/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

KNUT M. RAFTSETH 56/3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ ENDRA Plassering AV FLYTEBRYGGE.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på endra plassering av flytebrygge på gnr. 56 bnr. 3 i Tjørnvåg.

Dispensasjonen er grunngjeven med at det her er tale om ei endra plassering av eit eksisterande flytebryggeanlegg og at den nye plasseringa dessutan synest å gi ei betre samla løysing for området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Knut M. Rafteseth, Raftesetvegen 16, 6070 Tjørnvåg

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Knut M. Rafteseth, datert 13.08.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.09.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 08.10.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser eksisterande og ny omsøkt plassering av flytebrygge.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Knut M. Rafteseth har med utfylt søknadsskjema, datert 13.08.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona med sikte på endra plassering av flytebrygge i Tjørnvåg. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 27.08.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Den nye flytebrygga vert oppgitt til ein storleik på 2x6 meter og er søkt plassert om lag 120 meter sør for eksisterande flytebrygge. Som grunngeving viser Rafteseth til at den nye plasseringa vil gi han direkte sikt frå bustadhuset, noko som gjer det vesentleg lettare å ha tilsyn med anlegget. Rafteseth er for øvrig grunneigar både på den noverande og på den planlagde nye lokaliseringa.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 18.09.2013

Fylkesmannen ser ingen store konflikter med den omsøkte flyttinga. Han har imidlertid registrert at den nye flytebrygga ser ut til å vere noko større enn den gamle og meiner kommunen bør få klarlagt behovet og evt. redusere storleiken på brygga til det faktiske behovet.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 08.10.2013

Fylkeskommunen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad til det omsøkte tiltaket. Dei opplyser for øvrig at saka har vore til uttale ved Bergens Sjøfartsmuseum, men at dei ikkje kjenner til kulturminne som kan verte råka av tiltaket. Det vert imidlertid på vanleg måte opplyst at om ein under arbeidet kjem over kulturminne på sjøbotnen (skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne), så må arbeidet stoppast og kulturminnestyresmaktene varslast.

Vurdering og konklusjon:

Tiltaket er lokalisert nedanfor FV 654 og like nord for det tidlegare velferdshuset til Smedvik Mekaniske Verkstad. Det vert elles liggande tett inntil Rafteseth sitt naust og eksisterande gangveg frå fylkesvegen til naustet vil også verte nytta som tilkomst til den nye flytebrygga.

Heile den aktuelle strandstrekninga (mellom fylkesveg og sjø) er i kommuneplanen avsett til LNF-formål og det vil såleis vere lite som skil noverande frå ny plassering sjølv om det formelt vil vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med nærleiken til sjøen vil det naturleg nok også vere avhengig av dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8.

Ingen av uttaleorgana har særlege merknader til søknaden. Fylkesmannen har rett nok eit poeng med at den nye flytebrygga synest å verte noke større enn den eksisterande, men frå kommunen si side vel ein å legge meir vekt på at den nye flytebrygga vert liggande inntil eit eksisterande naust, noko som må seiast å vere i tråd med intensjonane for ei differensiert strandsoneforvaltning.

Når det gjeld øvrige forhold så er ein ikkje kjend med at det innanfor området er registrert spesielle naturtyper eller artar som det må takast særlege omsyn til. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10. Etter rådmannen sitt syn vil ikkje det omsøkte tiltaket tilsidesetje korkje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis samla sett vurdert som større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 09.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:

Herøy kommune

Saksnr. i kommunen:

Utviklingsavdelinga

Postboks 274 HERØY KOMMUNE
6099 Fosnavåg RÅDMANNEN

Reg. nr. 2013/902

Saksbeh. HR

 Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

19 AUG. 2013

 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Ark kode P

56/3

Ark kode S

Eigedom:

Gnr.

56

Bnr.

3

J nr

Dok nr.

Kassasjon

Festnr.

4

Kort omtale av tiltaket:

Utlegging av flytebrygger

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Jfr pbl § 1-8 og LNF-område.

Grunngjeving:

Ha bedre oversikt og tilsyn med bryggeren da vi hadde der flytebryggeren ligger no.

 Varsling av naboar/gjenbuvar vedlegg nr.: _____ Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: _____ Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.: _____Namn Arvid M. RøflesethAdresse Røflesetangen 16Postnr. 6070Postadr. TjørnåTelefon 70084170Mobiltlf. 48057260Dato: 13.08.2013Arvid M. Røfleseth
signatur

Skriv ut

(W) 1/7-13 OR

Søknad om tiltak uten ansvarsrett
etter plan- og bygningsloven § 20-2

Oppfylles vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 andre ledd? Ja Nei

- tiltaket er i samsvar med arealplaner, plan- og bygningsloven med forskrifter

- ikke behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet

Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? Ja Nei
Hvis ja, skal samtykke innhentes fra Arbeidstilsynet før igangsetting av tiltaket. Byggblankett 5177 med vedlegg.

Berører tiltaket byggverk oppført før 1850, jf. Kulturminneloven § 25, andre ledd? Ja Nei
Hvis ja, skal uttalelse fra fylkeskommunen foreligge før igangsetting av tiltaket.

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Dersom det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere, må det foreligge tillatelse fra kommunen før tiltaket igangsettes.

Søknaden gjelder

Eiendom/byggested

Gnr. 56 | Bnr. 3 | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. | Kommune Herøy

Adresse 6070 Tjørnåag | Postnr. | Poststed

Tiltakets art

Mindre tiltak til bebyggelse, pbl § 20-2 bokstav a) og SAK10 § 3-1

Tilbygg < 50 m² Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m² Antennesystem Skilt/reklame

Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 kvm, jf. pbl § 20-2 bokstav b) og SAK10 § 3-2

Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg, pbl § 20-2 bokstav c) (som ikke skal plasseres for lengre tid enn 2 år)

Bruksendring (fra tilleggsdel til hoveddel og motsatt innenfor en bruksenhet)

Planlagt bruk/formål: Flylebrygge | Beskriv: | Reg nr: 2013/902 | Saksbeh. OR

Forhåndskonferanse

Pbl § 21-1 Forhåndskonferanse er avholdt Ja Nei

- 8 JULI 2013

Dispensasjonssøknad og fravik fra TEK10

Pbl Kap. 19 Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i (begrunnelse for dispensasjon gis på eget ark)

Plan- og bygningsloven med forskrifter Kommunale vedtekter/forskrifter til pbl Arealplaner Vegloven

Pbl § 31-2 Det søkes om fravik fra TEK for eksisterende byggverk (pbl § 31-2) Redegjørelse i eget vedlegg

Arealdisponering

Sett kryss for gjeldende plan

Arealdel av kommuneplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Navn på plan: Kommuneplan for Herøy

Reguleringsformål i arealdel av kommuneplan/reguleringsplan/bebyggelsesplan - beskriv: LNF

	Velg aktuell kolonne iht. beregningsregel angitt i gjeldende plan*				
	%-BYA	BYA	%-BRA / %-TU	BRA	U-grad
a. Grad av utnytting iht. gjeldende plan	%	m ²	%	m ²	
b. Byggeområde/grunneiendom**	m ²		m ²		m ²
c. Ev. areal som trekkes fra iht. beregn.regler	-	m ²	-	m ²	
d. Ev. areal som legges til iht. beregn.regler					+ m ²
e. Beregnet tomteareal (b - c) eller (b + d)	=	m ²	=	m ²	= m ²
Grad av utnytting					
Arealbenevnelse	m ² BYA	m ² BYA	m ² BRA	m ² BRA	m ² BTA
f. Beregnet maks. byggeareal iht. plan (jf. a. og e.)	m ²	m ²	m ²	m ²	m ²
g. Areal eksisterende bebyggelse	m ²	m ²	m ²	m ²	m ²
	3.7 Det skal vere tilfredsstillande luftespalte i dør frå våtrom.	TEK 12-20		X	Gjenstø arbeid på etg
4. Brann	4.1 Brannslukningsapparat/husbrannslange	TEK 11-16	X		OK
	4.2 Røykvarslarar montert og testa	DSB	X		OK
	4.3 (Sluse mellom bolig og garasje)	TEK 11-8		X	OK
	4.5 Er eldstad montert/sikra	TEK 11-10		X	Ikke montert
	4.6 Feieluke avstand / stein	TEK 15-3		X	Ikke relevant
	4.7 Rømningsveg frå loft >5 m ned	TEK 11-13			Ikke relevant
	<p>Alexander Zahl Tarberg - HK.</p> <p>Dag Remøy</p>				

- * Tilgjengeleg bevisning → manglar trinufri tilkomst
- * Måledata mangler → (Må rettast) må etterselest til kommunen



V3

Enerbygg Bolig AS

Industriv. 16
6150 ØRSTA

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2012/1690	27/92		UTV / AZT	07.08.2013

DAG REMØY 27/92 - RESULTAT AV TILSYN PÅ EIGEDOMEN I SAMBAND MED SØKNAD OM FERDIGATTEST - FØREHANDSVARSEL OM OVERTREDINGSGEBYR

Ein viser til utgåande brev av 29.07.2013 vedk varsel om tilsyn/synfaring i samband med søknad om ferdigattest for tiltak på gnr 27 bnr 92 i Herøy kommune.

I brevet blei de gjort merksam på at kommunen ville gjennomføre tilsyn på eigedomen til oppført tid og dato. Dykk blei også oppmoda om å gi snarleg tilbakemelding dersom tidspunkt og dato ikkje passa for dykkar høve. Herøy kommune har den 07.08.2013 gjennomført tilsyn på eigedomen, utan frammøte frå tiltakshavar eller ansvarleg søkjar. Dette trass i skriftleg brev om tilsyn av 29.07.2013.

Resultatet av tilsynet har avdekka at det ikkje er grunnlag for å gi ferdigattest for det aktuelle tiltaket. Status for arbeid utomhus er dokumentert med bileter frå tilsyn/synfaring av 07.08.2013.

I tilsyn av 07.08.2013 hadde ein manglande tilgang til bustadhuset sitt innvendige areal, og ein har difor ikkje kunne fullføre tilsynet i tråd med det omfanget som var utgangspunktet i denne saka. Manglande gjennomført tilsyn vil difor vere grunnlag for å ikkje kunne gi mellombels bruksløyve for dette tiltaket.

Grunna at det gjennom tilsyn er avdekka avvik mellom dei opplysningane som er representert for kommunen, frå ansvarleg søkjar, i samband med søknad om ferdigattest, samt dei forholda som er avdekka i tilsyn av 07.08.2013, må Herøy kommune følgje opp saka etter plan- og bygningslova kap 32.

Med heimel i PBL kap 32 og SAK § 16-1, 1.ledd, bokstav g – punkt 2, vil ein med dette varsle at Herøy kommune vil ilegge ansvarleg føretak eit overtredingsgebyr på kr 50.000,-

Ein gjev her ansvarleg føretak frist for uttale til ovannemnde innan **06.09.2013.**

Utviklingsleiaren vil avslutningsvis understreke at ein framleis ser tilsynet som ope i denne saka og at det vil vere naudsynt med ny synfaring på eigedomen når ansvarleg søkjar meiner det er grunnlag for ferdigattest / mellombels bruksløyve.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Aleksander Zahl Tarberg
Sakshandsamar

Kopi:
Dag Remøy Flusund 6094 LEINØY

V4

Aleksander Nykrem Tarberg

Fra: Roger Holen <roger@enerbygg.no>
Sendt: 21. august 2013 11:01
Til: Aleksander Nykrem Tarberg
Kopi: Magnar Enerhaug
Emne: SV: SV: Minner om synfaring i dag 07.august - Dag Remøy 27/92 kl 10.00

Hei!

Har gått gjennom byggesaka og ser klart at vi her ikkje burde søke ferdigattest og heller søkje mellombels bruksløyve når framdrifta i ferdigstillinga utvendig stoppa opp. Avtala var at dette skulle være ferdig når papira vart levert inn. På grunn av ferieavviklinga vart papira levert inn av byggherren. (han fekk dei med meg og skulle levere dei inn når arbeidet var ferdig, på grunn av at eg reiste på ferie)

Eg foreslår at vi trekker tilbake søknaden om ferdigattest og endrer den til mellombels bruksløyve. Dag holder på med montering av kongebro stein ved inngangspartiet og han ville gjere dette ferdig før han gruset opp rundt huset og planerte.

Dag ringde no og er i bygda imorgon og litt fredag. Han reiser då på havet igjen. Han har ein kollega som han skulle bytte med, men no har han vorte sjuk. Kan vi då få mellombels bruksløyve og så sender vi inn ny søknad på ferdigattest når dag kjem heim igjen om ca 3-4 uker.

Kan ikkje forstå at vi ikkje kan få det mellombelse løyvet. Huset innvendig er heilt ferdig. Sjølv garasjen/utv Bod er lista.

Har dokke behov for synfaring innvendig for å gi bruksløyve er som sagt byggherren heime imorgon og litt fredag.

Vil vidare oppmode kommuna om å trekke kravet om bot. Dette virker på meg som urimeleg. Vi har både detaljer, kvalitetssystem og prosedyrer som skal sikre at vi bygger hus etter lover og forskrifter og kommunale særkrav.

Dette bruker vi aktivt i vårt daglege arbeid.

Håper på positivt svar på dette.

Mvh:



Roger Holen

Sales Manager

www.enerbygg.no

dir: 700 47 509

mob: 41669666

Fra: Aleksander Nykrem Tarberg [mailto:aleksander.nykrem.tarberg@heroy.kommune.no]

Sendt: 19. august 2013 09:37

Til: Roger Holen

Kopi: Eivind Flåskjer

Emne: SV: SV: Minner om synfaring i dag 07.august - Dag Remøy 27/92 kl 10.00

Herøy kommune har gjennomført synfaring på eigedom gnr 27 bnr 92 hjå Dag Remøy i Flusund den 07.08.2013 kl 10.00.

Etter samtalar over telefon (tidlegare i sommar) med Arne Lied i Enerbygg Bolig AS, blei ein samde om å sende brev med innkalling til synfaring i veke 32, då ein fekk opplyst at Roger Holen (saksansvarleg i

Enerbygg) skulle vere tilbake frå ferie denne dato.

Dette som eit resultat av at kontaktperson i Enerbygg (Arne Lied) ikkje ynskte å gjennomføre synfaring/tilsyn saman med kommunen på den oppsette dato, dette grunna med at Lied «ikkje kjende saka godt nok....».

Etter plan- og bygningslova og forvaltningslova skal saker handsamast utan ugrunna opphald. Dette prinsippet har vore følgt i denne saka og ein valte å prioritere innkomen søknad om ferdigattest ved å gjennomføre synfaring den 07.08.2013.

Det er riktig at denne innkallinga kom i ferietid, og at tidspunktet kanskje var noko uheldig, men etter lova såg ein seg nøydd til å gjennomføre tilsynet. Etter utsendt brev til tiltakshavar og ansvarleg søkjar, var det føreset at nokon frå desse to kunne møte til oppsett tid (dette ettersom ein ikkje mottok svar på brevet). Her meiner ein at Enerbygg som føretak burde ha gitt tilbakemelding til kommunen på brevet, då det var retta mot føretaket som mottakar og ikkje ein bestemt person/tilsett.

Når det gjeld tiltaket, så framstod dette ikkje som ferdig utført ved kommunen sitt tilsyn av 07/8. Vedlagt bileter og synfarringsrapport kan stadfeste dette forholdet. Grunna manglande representasjon frå ansvarleg søkjar og tiltakshavar, har ein ikkje fått tilgong til bygget innvendig. Dette har resultert i at ein ikkje har fått høve til å gjennomføre ein naudsynt kontroll for denne delen av tiltaket. Summen av dette gjer at det pr no ikkje er grunnlag for ferdigattest.

Når det gjeld mellombels bruksløyve er dette noko som ein vil kome attende til etter at det er gjennomført ei ny synfaring på eigedomen – etter avtale med søkjar / tiltakshavar.

Føretaket skriv i e-post av 15.08 at dei er sjokkert over trussel om bot på kr 50.000,-. Til dette vil ein kommentere at eit slikt krav er heimla i PBL og SAK som overtredingsgebyr. Kommunen har som plikt å føre tilsyn i byggesaker og følgje opp ulovlege forhold.

Enerbygg Bolig AS har søkt om ferdigattest for tiltaket og erklært at tiltaket tilfredstillr krava til ferdigattest i hht PBL med tilhøyrande forskrifter. Etter tilsyn på eigedomen stemmer ikkje desse opplysningane med dei faktiske tilhøva på staden. Her har føretaket presentert opplysningar for kommunen som ikkje samsvarar med dei faktiske forholda på eigedomen. Ein vil avslutningsvis understreke at dette er noko som ein ser på som alvorleg og eit brot på plan- og bygningslova. Dette er noko som svekkar tiliten til opplysningane som føretaket presenterer overfor kommunen i byggesaka. Dette skaper eit grunnlag for å følgje opp saka etter PBL kap 32 med varsel om overtredingsgebyr.

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG
Planleggar

70 08 13 68

www.heroy.kommune.no

Fra: Roger Holen [mailto:roger@enerbygg.no]

Sendt: 15. august 2013 16:32

Til: Aleksander Nykrem Tarberg

Emne: SV: SV: Minner om synfaring i dag 07.august - Dag Remøy 27/92 kl 10.00

Hei.er no tilbake på ferie og er sjokkert over både innkalling midt i ferien samt trussel om bot på 50.000,-. Byggelederen vår som kjenner saka var også på ferie i denne perioden.

Byggherren er på jobb på sjøen til i slutten av denne månaden og vi vil begge signere svarbrevet som vil inneholde vår felles forståelse av denne saka.Å ikkje gi bruksløyve for denne eigedommen virker umiddelbart på meg rart.Enerbygg Bolig AS tilstreber seg kvar dag i å følge reglar og krav.Einaste ankepunktet her måtte vere at det mangler litt grus framfor garasje/inngangsdør.Dette skulle gjerast idet eg for på ferie.Vi foreslår at vi gjennomfører ei ny synfaring med kommunens representant ,byggherren og Enerbygg tilstede i slutten av månaden.Eg kan ringe

og kalle inn når byggherre Dag Remøy er tilbake frå sjøen og kan møte. Vidaere vil vi svare på førehandsvarselet innan fristen som er sett.

Ber om tilbakemelding på dette.

Mvh:



Roger Holen
Sales Manager

www.enerbygg.no
dir: 700 47 509
mob: 41669666

Fra: Aleksander Nykrem Tarberg

[mailto:aleksander.nykrem.tarberg@heroy.kommune.no]

Sendt: 7. august 2013 22:00

Til: Roger Holen

Emne: Re: SV: Minner om synfaring i dag 07.august - Dag Remøy 27/92 kl 10.00

Eg har tidlegare, og i god tid, sendte ut brev til Enerbygg bolig AS, om synfaring i dag 07.august hjå Dag Remøy sin eigedom på Flusund. Eg har tidlegare vore i kontakt med Arne Lies på telefon, han sa du skulle vere tilbake denne veka og bad meg sende dykk brev med dato om synfaring, der tiltakshavar fekk kopi.

Eg var på synfaring / tilsyn på eigedomen i dag. Ingen møtte frå Enerbygg eller tiltakshavar. Ein det lite profesjonelt frå dykk som føretak og ikkje gi tilbakemelding på brev/innkalling til oppsett dato.

Det er ikkje grunnlag for ferdigattest eller bruksløyve for denne eigedomen. Sendte ut brev i dag med førehandsvarsel om at vi vurdere overtredningsgebyr i denne saka grunna at dykk presenterer villedande og feil opplysningar i søknad til oss som bygningsmynde.
Dykk får høve til å kommentere dette innan ein frist.

Mvh

Aleksander Tarberg
Planleggar
Utv. avd - Herøy kommune

Den 7. aug. 2013 kl. 19:25 skrev "Roger Holen" <roger@enerbygg.no>:

Eg har ferie til 12.august.Kva gjelder det.Kan du sende på mail til meg?

Roger Holen

Sendt fra en Samsung Mobil

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Aleksander Nykrem Tarberg <aleksander.nykrem.tarberg@heroy.kommune.no>

Dato:

Til: "Roger Holen (roger@enerbygg.no)" <roger@enerbygg.no>
Emne: Minner om synfaring i dag 07.august - Dag Remøy 27/92 kl 10.00

Minner om synfaring i dag kl 10 i Flusund med Dag Remøy gnr 27 bnr 92 i Herøy.

Vonar du har motteke brev frå oss?

Helsing

ALEKSANDER ZAHL TARBERG

Planleggar

70 08 13 68

www.heroy.kommune.no

VS



HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/1690	Saksbeh. EFLÅ
- 8 OKT. 2013	
Ark.kode P	27/92
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 14
Kassasjon	



Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
pb 274
6070 Fosnavåg

Vår ref.: Roger Holen

Deres ref.: AZT

Dato: 7. oktober 20

FØREHANDSVARSEL OM OVERTREDINGSGEBYR

Viser til brev frå dykk datert 07.08.2013 der dykk varsler om at dykk vil illegge Enerbygg Bolig AS eit overtredingsgebyr på 50.000,- i byggesaka til Dag Remøy.

Vi har oversendt ein god del informasjon på mail og hatt dialogen med kommuna på denne saka som starta midt i fellesferien der både tiltakshaver og undertegnede var på ferie.

Vi har laga ny søknad og forklart misforståelsane. Vi har i felleskap vore på ny synfaring som viser at huset er ferdig med nokre få mangler. No er det finplanert og det er kun adkomsten som ikkje er 100% ferdig då tiltakshaver skal lage til terrasser mm utanfor hoveddøra. Vi har oppfylt alle pkt i byggeløyvet.

Når ein då ser kva dette starta med og kva misforståelser som var iforbindelse med innlevering av søknad om bruksløyve/ferdigattest meiner eg at ansvarleg søker her må sleppe og betale overtredingsgebyr.

Huset til Dag Remøy framstår som eit flott hus som er bygt med kvalitet og flinke entreprenører. Tiltakshaver har ikkje sove i huset, men har flytta inn møbler mm då han har solgt førre hus og bur no med mor si. Han ønsker sjølv sagt no å få bruksløyvet.

Håper på positiv behandling og eit svar som seier at vi slepp å betale varsla gebyr.

PS. Sjekklista til kommuna er kjempebra og vi tek denne imot på ein positiv måte. La vi ha ein god dialog no framover så vil vi få vekk useriøse aktører i bransjen

Med vennleg helsing
Enerbygg Bolig AS
Industriv. 16
6150 ØRSTA
Ved/ Roger Holen

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 31. oktober 2013 10:55
Til: Arkiv
Emne: VS: Førrehandvarsel om overtredelsesgebyr.

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: Roger Holen [mailto:roger@enerbygg.no]
Sendt: 28. oktober 2013 16:25
Til: Jarl Martin Møller; Per Endre Bolseth
Kopi: Aleksander Nykrem Tarberg; Magnar Enerhaug; Dag Remøy
Emne: Førrehandvarsel om overtredelsesgebyr.

Viser til dykkar brev av 25.10.2013 der dokke melde om at tilsyn i byggesaka vert avslutta.Vidare fastheld dokke å følge opp saka om overtredingsgebyr. Undertegnede har skreve brev datert 07.oktober og sendt mailer som begrunner misforståelsen som har vore i denne saka.At kommuna sender ut brev midt i fellesferien og kaller inn til synfaring er vel ikkje heilt heldig.

Det visste seg i praksis at hverken undertegnede eller tiltakshaver hadde mottatt dette og difor ikkje møtte til denne synfaringa.Undertegnede fekk ei purring samme dag som synfaringa skulle være på telefonen når eg var i syden.

Vi ber igjen om at gebyret som er varsla ikkje vert krevd inn og at saka vert avslutta slik den står i dag.

Vi søkte no om bruksløyve og kommuna gir ferdigattest.Då seier det meg at ingenting mangler.Kvifor får vi ferdigattest?I søknaden står det at det skal søkast om ferdigattest 15.06.2014.

Denne saka starta med at vi hadde søkt ferdigattest istaden for bruksløyve på grunn av nokre misforståelser i fellesferien,No får vi ferdigattest når vi søker bruksløyve????

Fastheld Herøy kommune overtredingsgebyret vil undertegnede sende saka vidare til våre samarbeidsorgan for å sjå om heimelen for dette er til stades eller her også er gjort sakshandsamingsfeil ifrå kommuna si side.

Mvh:

 SignaturMedium

Roger Høsten
Sales Manager

www.enerbygg.no
dir: 700 47 509
mob: 41669666



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/886
		Arkiv:	19/7

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

MOTOROLA SOLUTIONS NORWAY 19/7 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR ETABLERING AV NYTT ANLEGG FOR NAUDKOMMUNIKASJON.

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det i medhald av PBL § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på oppføring av ny basestasjon for naudkommunikasjon på gnr. 19 bnr. 7 i Røyra i Herøy.

Dispensasjonen er grunngjeven med viktigheita av å legge forholda til rette for det landsomfattande naudnettet og at tiltaket for øvrig ikkje vil innebere nemneverdige ulemper av noko slag.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Technogarden Engineering Resources AS, Vestfjordgaten 4, 1338 Sandvika

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Technogarden Engineering Resources AS på vegne av Motorola Solutions Norway AS, datert 22.08.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 03.10.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 08.10.2013.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 01.10.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 04.09.2013.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Technogarden Engineering Resources AS har på vegne av Motorola Solutions Norway AS søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av ny basestasjon med tilhøyrande utstyrshytte på gnr. 19 bnr. 7 i Røyra i Herøy. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 30.08.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Det omsøkte tiltaket består av ei gittermast med høgde på 24 meter og ei utstyrshytte med grunnflate ei på 4,5 m² og ei høgde på 2,6 meter. Anlegget vert opplyst å verte liggande om lag 125 meter frå næraste nabohus og med ein avstand til senterline FV 654 på 30 meter. Vedlagt søknaden følgde vidare ei rekkje kartutsnitt, bilde og illustrasjonar samt ulik anna informasjon om tiltaket.

Frå søkjar si side vert det opplyst at det er inngått leigeavtale med eigar av gnr. 19 bnr. 7. Tiltaket er eit ledd i tilrettelegginga for det nye landsomfattande naudnettet. Søkjar meiner elles at dei evt. negative konsekvensane av tiltaket, både estetisk og praktisk, er svært små og at omsynet til formålet med utbygginga må vektast høgt i samband med vurderinga av dispensasjonen. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen Region Midt
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 03.10.2013

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 08.10.2013

Fylkeskommunen uttalar også at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt av 01.10.2013

Statens Vegvesen har heller ikkje merknader til søknaden. Vegvesenet uttalar imidlertid at sidan tiltaket vert liggande innanfor gjeldande byggegrense på 50 meter, så vert det forutsett at søknad om dispensasjon frå byggegrensa vert innsendt for behandling og avklaring etter veglova.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 04.09.2013

Landbrukskontoret uttalar at saka ikkje treng å behandlast etter jordlova og at dei såleis ikkje har merknader til søknaden.

Vurdering og konklusjon:

Anlegget skal plasserast på ein fjellknaus på austsida av brufestet for FV 654 i Røyra. Det aktuelle området er for øvrig lite egna til evt. andre byggeformål. Tiltaket ligg elles i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og etableringa av anlegget vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med tilvising til uttalen frå Landbrukskontoret vil det ikkje vere naudsynt å behandle saka etter jordlova.

Ingen av uttaleorgana har merknader til søknaden. Når det gjeld spørsmålet om dispensasjon frå byggegrensa mot FV 654, slik vegvesenet peikar på i sin uttale, så forutset ein at dette vert avklara i tilknytning til byggesaksbehandlinga.

Også frå kommunen si side vil ein understreke viktigheita av å legge forholda til rette for etableringa av det nye naudnettet. For øvrig kan nemnast at ein ikkje er kjend med at det i det aktuelle området er registrert spesielle naturtyper eller artar som det må takast særlege omsyn til. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil den omsøkte dispensasjonen ikkje tilsidesetje korkje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Med tanke på formålet med tiltaket vil fordelane ved å gi dispensasjon såleis verte vurdert som klart større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 09.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Herøy kommune
Byggesak
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Deres ref.:

Vår ref.:
Tommy Olsen Banne / RMR120C - Leinøya

Dato:
22. Aug 2013

GNR. 19 / BNR. 7 – RØYRA, HERØY KOMMUNE.
BASESTASJON FOR NØDKOMMUNIKASJON.
SØKNAD OM DISPENSASJON, PBL § 19-2

Technogarden AS skal på vegne av Motorola Solutions Norway AS søke om tillatelse til oppføring av en ny basestasjon for nødkommunikasjon på ovennevnte eiendom. Det omsøkte området er i "Arealdelen av Kommuneplanen - 2004" satt av for "LNF - område". I forbindelse med tiltaket vil vi søke om dispensasjon fra Kommuneplanen.

Det søkes i medhold av plan- og bygningslovens § 19-2 om dispensasjon fra plbl. kapittel 11, og gjeldende formål – LNF område - for oppføring av teknisk utstyr for nødkommunikasjon på omsøkte eiendom.

Tiltaket består av ny gittermast med høyde 24 meter og utstyrshytte som vil bli plassert mellom Røyravegen og Nedre Røyra, ca 125m unna nærmeste nabohus. Masten er ønsket plassert på vest siden av kraftlinje mot veg 654. Mast og hytte etableres i god avstand til bebyggelse. Minste avstand til nabogrense og senter veg er henholdsvis ca. 22 meter og 30 meter.

De fysiske dimensjonene på tiltaket er relativt små. Masten har en høyde på 24 meter, utstyrshytta har en grunnflate på ca. 4,5 m² og en høyde på ca. 2,6 meter. Det vil bli montert klatrevern i masta.


En dispensasjon til etablering av anlegget vil således i liten grad innvirke på tilgjengelighet eller den estetiske utformingen av omgivelsene. Det kan altså ikke være tale om at hensyn til estetisk utforming eller tilgjengelighet blir "vesentlig tilsidesatt".

Når det i tillegg ses på de positive sidene og sikkerhetsaspektet ved nødkommunikasjon og at sentrale myndigheter har uttalt at det skal tilrettelegges for utbygging av nødnett så mener vi at dette er tungtveiende argumenter for at en dispensasjon kan innvilges.

Vi mener at de negative konsekvensene er små og at det i tiltaket er klar overvekt av positive hensyn og konsekvenser slik at det bør gis dispensasjon i denne byggesaken.

Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) har inngått leieavtale med hjemmelshaver av Gnr. 19 / Bnr. 7. Plasseringen og tiltaket er således avklart med grunneier / hjemmelshaver.

Vennlig hilsen
Technogarden Engineering Resources AS


Tommy Olsen Banne
Byggesak



0 0

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, oppfylles ikke. Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	19	7	6095 BØLANDET

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
Ettrinnssøknad	Nytt anlegg	J Informasjon og kommunikasjon	429	annet

Beskrivelse av bruk

Dekning for nødkommunikasjon.

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Organisasjonsnummer
foretak	MOTOROLA SOLUTIONS NORWAY AS	Kabelgaten 34, 0580 OSLO	931249789

e-postadresse

jvq463@motorolasolutions.com

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse
TECHNOGARDEN ENGINEERING RESOURCES AS	986076905	Vestfjordgaten 4, 1338 SANDVIKA

Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
Tommy Olsen Banne	67571866	41235221	t-tob@technogarden.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

Følgebrev

Se eget vedleggsbrev.

Dispensasjonsøknad

Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Komm. vedtekter til pbl

Begrunnelse for dispensasjon:

Se egen søknad om dispensasjon.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Kommuneplanenes arealdel	Arealdelen av Kommuneplanen - 2004

Reguleringsformål

LNF - Område

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket .

Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret atkomst.

Løfteinnretninger

Løfteinnretninger

Ikke relevant
Ikke relevant

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Gjenpart av nabovarsel	C	Nabovarselet 12.07.2013	Vedlagt søknaden
Situasjonskart	F	Situasjonskart. Målestokk 1: 1000	Vedlagt søknaden
Beskrivelse	F	Vedlegg til søknad i ett trinn	Vedlagt søknaden
Kontrollplan	G	Gjennomføringsplan. Versjonsnr. 1	Vedlagt søknaden
Uttalelse fra offentlig myndighet	I	DNK_kommune_infobrev_300911	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Følgeløst til søknad i ett trinn	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Søknad om dispensasjon	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Søknad om ansvarsrett, Technogarden AS - Ansvarlig søker	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Kopi av sentral godkjenning Technogarden AS - Ansvarlig søker	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Søknad om ansvarsrett, Scanmast AB - Ansvarlig prosjekterende / utførende (PRO / UTF)	Vedlagt søknaden
Annet	Q	Kopi av sentral godkjenning, Scanmast AB - Ansvarlig prosjekterende / utførende	Vedlagt søknaden

Merknader fra ByggSøk

Kontroll av søknaden viser at følgende sider mangler obligatorisk informasjon:

Eiendom/Byggested - Eiendomsopplysninger
Rammebetingelser - Generelle vilkår
Parter - Tiltakshaver
Parter - Nabo/gjenboer - Legg til nabo
Parter - Foretak

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Dato 22/8-2013

Signatur Tommy Olsen Bønne

Gjentas med blokkbokstaver

TOMMY OLSEN BØNNE

Tiltakshaver


Dato 22/8-13

Signatur Johan Horsmark

Gjentas med blokkbokstaver

JOHAN HORSMARK

* SE FULLMÅKT.



MOTOROLA SOLUTIONS NORWAY AS
Ny mast
Ny utstyrshytte

Technogarden
Engineering Resources AS


Nødnett - RMR120C - Leinøya
Gnr. 19 / Bnr. 7
Leinøya, Herøy kommune

Dato: 12.07.2013

 **HERØY KOMMUNE**
05.07.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet


F-01

en v/Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK),
RMR120C - Leinøya
Gnr. 19 / Bnr. 7
Herøy Kommune
Vedlegg til søknad om tillatelse i ett trinn



Omsøkt tiltak. Nytt anlegg for Nødnett


2013-08-20

RMR120C - Leinøya

F-01 1


Plassering i forhold til naboeiendommer og bebyggelse.

- Minste avstand til eiendomsgrense er ca. 22 meter.
- Minste avstand til senter vei er ca. 30 meter.
- Minste avstand til nærmeste bolig er ca. 125 meter.
- Minste avstand til nærmeste Kraftlinje ca. 70 meter..



2013-08-20

RMR120C - Leinøya



Illustrasjonsbilde.
Ca. plassering av ny mast.
Dette er kun en illustrasjon og eksakt plassering vil kunne avvike fra denne fotomontasjen.
Masten har en høyde på 24 m og antenner har en høyde på 3 m. Total høyde blir 27 m.

2013-08-20


RMR120C - Leinøya

Eksempel bilde:

Bildet viser en installasjon av mast med hytte tilsvarende den som tenkes installert på eiendom Gnr 19 Bnr 7, ved Røyrasundet, Herøy kommune.

Hytte som er tenkt benyttet er på ca. 4,5 m² og en mast med høyde på 24 meter.

Dette bildet er kun et eksempel og vil kunne avvike fra den kommende installasjon.



2013-08-20

RM/R120C - Leinøya



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
03.10.2013
Dykkar dato
30.08.2013

Vår ref.
2013/5778/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/886	Saksbeh. HR
- 7 OKT. 2013	
Ark.kode P	19/7
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 7
Kassasjon	

Herøy kommune. Etablering av nytt anlegg for naudkommunikasjon gnr19 bnr7 - Mortola Solutions Norway AS. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing


Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Astrid Buset

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 8 OKT. 2013	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref: 2013/886 Dykkar dato: 30.08.2013 Vår ref: 53327/2013/DISPENSASJON/1515 Vår saksbehandlar: Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 Vår dato: 08.10.2013

Herøy kommune - etablering av nytt anlegg for naudkommunikasjon gbnr 19/7 - fråsegn ved dispensasjon fra kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

(E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/886	Saksbet. H/C
- 3 OKT. 2013	
Ark.kode P	M/T
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 6
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/085116-003

Dykkar referanse:
2013/886

Vår dato:
01.10.2013


Fv 654 - Herøy kommune - Motorola Solutions Norway AS - Søknad om dispensasjon fra kommuneplanen med sikte på etablering av nytt anlegg for naudkommunikasjon - Uttale


Viser til brev av 30.8.2013 frå Herøy kommune.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert dispensert frå arealbruken i kommuneplanen sin arealdel med sikte på etablering av ny basestasjon med utstyrshytte på eigedomen 19/7 i Herøy, i samsvar med opplysningane som ligg føre i brevet frå kommunen.

I og med at tiltaket vert liggjande innanfor gjeldande byggegrense på 50 m langs fylkesvegen, føreset vi at eigen søknad om dispensasjon frå byggegrensa vert sendt Statens vegvesen til handsaming og avklaring etter veglova.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
20137886 UTV/ HR

Vår ref:
AKL

Dato:
04.09.2013

**Uttale søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av nytt anlegg for
naudkommunikasjon i Herøy kommune.**

Søknaden er vurdert i forhold til Jordlova § 9 som omhandlar omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.
Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

Vurdering og konklusjon:

Ut ifrå landbruksinteressene har vi ingen merknad til søknaden.

Med helsing




Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Leinøya



LOKALISERING AV TILTAKET





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2013/1140
		Arkiv:	U48

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
120/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013
	Formannskapet	03.12.2013

FORSKRIFT OM HAUSTING AV TARE - UTTALE

Tilråding frå rådmannen:

Formannskapet ber om at det vert gjort grundige vurderingar knytt til kva konsekvensar taretråling vil ha for fuglefredningsområda og fuglebestanden i Herøy.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Runde Miljøseneter

Vedlegg

- 1 Innspel taretråling frå Runde miljøseinter
- 2 Brev frå Møre og Romsdal fylke

Saksopplysningar:

Møre og Romsdal fylkeskommune leier ei arbeidsgruppe som har som oppgåve å utarbeide forslag til ny forskrift om regulering av hausting av tare i Møre og Romsdal.

Gjeldande forskrift er gyldig til 30.9.2014 og vert vedteken av Fiskeridirektoratet.

Arbeidsgruppa ber no interessentar om å kome med innspel til arbeidet innan 1.11.2013.

Tareskog er eit økosystem med høg artsdiversitet og produksjon og er eit viktig næringsssøksområde for fleire sjøfuglartar. I kva grad taretråling påverkar sjøfugl er avhengig av kva som skjer med næringsforholda. Dersom næringsmengda for sjøfugl vert redusert vil eit område kunne bli ueigna, men det ligg ikkje føre sikre data som kan seie om dette skjer som direkte følgje av taretråling. Indikasjonar på at sjøfugl vert påverka av denne aktiviteten har ein observert ved Runde der antal sjøfuglar har gått ned etter taretråling.

(Oppdragsmelding 472: *Sjøfugl, tareskog og taretråling: en kunnskapsstatus*, 1997, NINA)

Vurdering:

Det er stor usikkerheit rundt effektane av taretråling på det marine liv og det har blitt, og vert gjennomført ein del forskning på området.

Forholdet til taretråling er gjenstand for stor debatt der dei ulike aktørane kjem med ulik dokumentasjon som støttar deira sak og det er såleis ikkje lett å få eit eintydig svar på om taretråling har negative konsekvensar for td. sjøfuglbestanden.

Naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlag og § 9 om føre-var-prinsippet vil truleg vere sentralt i dette arbeidet som arbeidsgruppa står ovanfor.

Sjøområda som ligg inn til fuglefredningsområde er stengde for taretråling. Det er stengd for taretråling ved Grasøyane, men ikkje ved Runde. Det bør vurderast om Runde også skal verte stengd for taretråling. Det må gjerast grundige vurderingar knytt til kva konsekvensar taretråling vil ha for Runde og fuglefredningsområda i Herøy. Runde miljøseinter peikar også på at Runde vil vere eit godt eigna område for nye undersøkingar.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje relevant.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje relevant.

Konsekvensar for drift:

Ikkje relevant.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Formannskapet kjem med innspel om at det må gjerast grundige vurderingar knytt til kva konsekvensar taretråling vil ha for fuglefredningsområda og fuglebestanden i Herøy.

Fosnavåg, 10.10.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Møre og Romsdal Fylkeskommune,
Fylkeshuset,
6404 Molde

Runde, 09. oktober . 2013

Innspel om Taretråling i Møre og Romsdal

Stengte område

Sjøområda som ligg inn til fuglefredingsområde er stengde for taretråling. Til dømes er det forbode å tråle ved Grasøyane fuglefredingsområde. Det er ikkje forbod mot tråling ved Runde. Det bør vurderast om ikkje Runde skal kome inn under same vern som dei andre viktige fugleområda i fylket.

Sporing

Rapportering av trålaktivitet på ulike felt og kor ofte det foregår hausting er mykje diskutert og det er usikkerheit om reglane blir overhaldne. Der er svært gode elektroniske hjelpemiddel som kan brukast for å registrere fangstaktiviteten. Det kan nemnast Satelittsporing, AIS sporing og registrering av aktivitet på fartøyet sin plottar.

Den tradisjonelle fiskeflåten over ein viss storleik er pålagde å ha satelittsporing om bord. Posisjon blir registrert ein gong pr. time. Dei fleste fartøy er og utstyrt med Kystverket sitt AIS system får ein nesten kontinuerlig posisjonsregistrering. Dette systemet sender informasjon på VHF sambandet som har rimeleg god dekning i dei aktuelle fangstområda.

Sporingsdata vil og vere svært nyttig med omsyn på både kontroll, forskning, og forvaltning og vil gi godt grunnlag for å registrere og kartlegge fangstområder, fangst og fangstinnstans på alle felt og vil gjere det mulig få til ein forvaltning som baserer seg på god kunnskap. Det er viktig at sporingsdata blir opne for ålmenta slik at alle involverte partar kan få oversikt over aktiviteten.

Forsking

Det er stor usikkerheit rundt effektar av taretråling på det marine liv. Det blir gjennomført ein del forskning på området. Slik forskning ligg det godt til rette for å gjennomføre i tilknytning til dei store fuglekoloniane ved Runde i Herøy kommune. Forskingsmiljøa i fylket har tatt initiativ til å starte forskingsprogram med mål å utarbeide detaljerte marine grunnkart for Søre Sunnmøre. Desse karta vil vere eit godt hjelpemiddel for forskning på taretråling og forvaltning av denne ressursen.

Informasjon om dette kartleggingsarbeidet er lagt ved.

Erosjon

Det er usikkerheit om kva effekt tare har som bølgedempar. Det er hevda at i dei områda der det er trålt etter tare er det registrert auka erosjon på land. Dette er ikkje tilstrekkeleg undersøkt og det bør gjerast praktiske forsøk.

Forhold til ålmenta

Tareråling foregår oftest svært nært land. Mange føler at trålarane kjem nesten inn på privat eigedom. Dette forholdet gjer at det er stort konfliktpotensiale mellom taretråling og lokalbefolkning. For å bøte på det må ålmenta gjevast stor muligheit til innsyn i aktiviteten.

Beste helsing frå Runde Miljøsent,er,
Nils-Roar Hareide

Tlf. 70 08 08 10/mobil 41 29 11 07

Epost: nilsroar@rundecentre.no

www.rundecentre.no

W



Møre og Romsdal fylkeskommune

ifh liste

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2013/1140	Saksbeh. <i>OK</i>
13 SEPT. 2013	
Art. kod. P	U48
Art. kod. S	
J. nr.	L. nr. 1
Kassasjon	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		54633/2013/U48	Arve Ingolf Slettvåg, 71 25 80 55	10.09.2013

Revisjon av Forskrift om regulering av hausting av tare i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune leier ei arbeidsgruppe som har som oppgåve å utarbeide forslag til ny forskrift om regulering av hausting av tare i Møre og Romsdal. Gjeldande forskrift, J-75-2009 er gyldig til 30.09.2014. Det er Fiskeridirektoratet som vedtar ny forskrift, basert på forslag frå arbeidsgruppa.

- Følgjande organisasjonar deltek i arbeidsgruppa:
- Møre og Romsdal fylkeskommune
 - Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal
 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal
 - Møre og Romsdal fiskarlag
 - FMC Biopolymer AS

Mandatet til arbeidsgruppa er fastset i FOR – 1995-07-13-642 Forskrift om høsting av tang og tare § 5, 1 ledd. "Fiskeridirektoratet kan fastsette regionale forskrifter om kor og når det er tillat å hauste tare i den enkelte region. Forslag til forskrift skal utarbeidast av fylkesvise arbeidsgrupper leia av fylkeskommunen".

Arbeidsgruppa skal gjennomføre ei konkret vurdering av kva område i Møre og Romsdal fylke som bør vere opne for taretråling og kva slags område som bør vere stengt. Arbeidsgruppa skal levere eit forskriftsforslag som tek omsyn til ulike interesse som taretråling, fiskeri, natur og miljøvern mm.

Vi ber no interessentar om å komme med innspel til dette arbeidet innan 01.11.2013. Dette kan vere konkrete innspel gjeldande kor denne verksemda kan utførast, men og kva generelle prinsipp som bør leggest til grunn for denne verksemda.

Innspel skal sendast til Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde eller på e-post: post@mrfylke.no.

Vedlagt ligg gjeldande forskrift med kart over haustingsområde.

Med helsing

Bergljot Landstad
 Bergljot Landstad
 regional- og næringssjef

Frank Madsøy
 Frank Madsøy
 ass. regional- og næringssjef

Vedlegg:
J-75-2009 Forskrift om regulering av høsting av tang og tare i Møre og Romsdal fylke



FISKERIDIREKTORATET

Melding fra fiskeridirektøren

J-75-2009

Forskrift om regulering av høsting av tare i Møre og Romsdal fylke

Erstatter: J-15-2008

Gyldig fra: 06. 04. 2009

Gyldig til: 30. 09. 2014

Bergen, 07. 04. 2009

Fiskeridirektoratet har den 6. april 2009 med hjemmel i kgl. res. av 13. juli 1995 nr. 642 om høsting av tang og tare § 5 og lov av 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av villlevande ressursar §§ 16 og 36, fastsatt følgende forskrift:

§ 1 Forbud

Det er forbudt å høste tare med trål eller annen mekanisk redskap i Møre og Romsdal fylke.

§ 2 Åpne felt

Uten hinder av § 1 kan det høstes tare med trål eller annen mekanisk redskap i de tidsrom og på de vilkår som er fastsatt i denne forskrift og forskrift av 13. juli 1995 om høsting av tang og tare, innenfor følgende områder:

Felt	Fra dato	Til dato
C	1. oktober 2008	30. september 2009
D	1. oktober 2009	30. september 2010
E	1. oktober 2010	30. september 2011
A	1. oktober 2011	30. september 2012
B	1. oktober 2012	30. september 2013
C	1. oktober 2013	30. september 2014

§ 3 Stengte områder

Uten hinder av § 2 er det forbudt å høste tare med trål eller annen mekanisk redskap innenfor følgende områder:

Verneområder i Møre og Romsdal der verneforskriften setter forbud mot taretråling:	Område definert i taretrålkart.
Nord og østlige høstingsfelt:	
Remman naturreservat (Smøla)	37B, 38A, 39D, 39E og 40C
Sortna naturreservat (Smøla)	29A og 28D
Farstadbukta naturreservat (Fræna)	5B, 6D
Hustadbukta naturreservat (Fræna)	4E, 5B
Sør og vestlige høstingsfelt:	
Selvikvågen naturreservat (Sandøy)	8D og 9E

Smågevatnet naturreservat (Aukra)	8D
Lyngholmen naturreservat(Sandøy)	10E
Huse fuglefredingsområde (Sandøy)	10E, 11D
Malesanden fuglefredingsområde (Sandøy)	11D, 12B
Ullasundet fuglefredingsområde (Haram)	15A, 16B, 17C
Rogneholmen naturreservat (Haram)	17C, 18E
Lausund fuglefredingsområde (Haram)	20D, 21B
Gamlemsundet fuglefredingsområde (Haram)	22A
Molnes naturreservat (Giske)	21B, 22A
Rørvikvågen fuglefredingsområde (Giske)	22A
Roaldsand fuglefredingsområde (Giske)	22A, 23D
Blindheimsvika fuglefredingsområde (Giske)	23D, 24A
Synnesvågen naturreservat (Giske)	24A
Giske fuglefredingsområde (Giske)	26C, 27D
Flø fuglefredingsområde (Ulstein)	33B
Grasøyane fuglefredingsområde (Ulstein)	31E, 32E
Ristesundsanden naturreservat (Sande)	43D
Storevika naturreservat (Sande)	42C
Stoksund-Bliksvågane fuglefredingsområde (Herøy og Ulstein)	38C, 39D

§ 4 Bemyndigelse

Fiskeridirektoratet kan endre denne forskrift og fastsette nærmere bestemmelser som er nødvendige for å oppnå en rasjonell og hensiktsmessig utøvelse og gjennomføring av høstingen

§ 5 straff


Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer bestemmelser gitt i denne forskrift, straffes etter lov av 8. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressurser §§ 61, 62 og § 64


§ 6 Ikrafttredelse m.v.

Denne forskrift trer i kraft straks, og gjelder til 30. september 2014.

TH/EW

Vedlegg

[Kartutsnitt-More \(1\)](#)  (1,28 MB)

[kartutsnit-More \(2\)](#)  (1,44 MB)

Vedlagt følger kart til tareforskriftene. Tilgangen til kartverktøyet er som følger:


[http://fiskeridir.no/adaptive/advanced_default.appx?
minX=929094&maxX=1971094&maxY=7999552&mapService=0.](http://fiskeridir.no/adaptive/advanced_default.appx?minX=929094&maxX=1971094&maxY=7999552&mapService=0)

Kategoriene

- Nord for 62 annet
- Sør for 62 annet

Tare, Møre og Romsdal

© Fiskeridirektoratet/Norge Digitalt



Adresse for kart:
<http://kart.fiskeridir.no>. Merk
av i venstre kolonne for
høsteplan tare og
verneområder, klikk deretter
søk.

Adresseliste

NAVN	ADRESSE	POSTSTED
Algea AS	Postboks 2143 Løkkemyra	6502 Kristiansund N
Aukra kommune		6480 Aukra
Aure kommune	Rådhuset	6690 Aure
Aure og Tustna Fiskarlag	v/Arild Sørvik	6590 Tustna
Averøy Fiskarlag	v/Paul Kåre Aandahl, Langøyneset	6530 Averøy
Averøy kommune	Bruhagen, Postboks 152	6538 Averøy
Bø og Sande Fiskarlag	v/Lars Oddvar Bøe	6095 Bølandet
Eide kommune	Rådhuset	6490 Eide
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening	Postboks 514 Sentrum	6001 Ålesund
Fiskeridirektoratet reg. Møre og Romsdal	Postboks 1323	6001 Ålesund
Fjærtøft Fiskarlag	v/Gudmund Fjærtøft	6294 Fjærtøft
Flemsøy Fiskarlag	v/Oddvin Longva	6293 Longva
FMC Biopolymer AS	Industriveien 33	1337 Sandvika
Fræna kommune	Rådhuset	6440 Elnesvågen
Giske Fiskarlag	v/Arild Gjøsund, Valderhaugstranda	6050 Valderøya
Giske kommune	Rådhuset	6050 Valderøya
Gjemnes kommune	Rådhuset	6631 Batnfjordsøra
Gjemnes/Tingvoll Fiskarlag	v/Johan Sandvik	6674 Kvisvik
Grytastranda og Omegn Fiskarlag	v/Ola Gjermund Engeset, Grytastranda	6265 Vatne
Halsa kommune	Rådhuset, Liabøen	6683 Vågland
Haram kommune	Storgata 19	6270 Brattvåg
Haramsøy Fiskarlag	v/Paul Oddvar Haram	6290 Haramsøy
Hareid Fiskarlag	v/Roger L. Korsnes	6060 Hareid
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 Hareid
Harøy Fiskarlag	v/Ole Mindor Myklebust	6488 Myklebost
Haugsbygda Fiskarlag	v/Tore Hauge, Haugsbygda	6082 Gursken
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817 Bergen
Herøy Fiskarlag	v/Arve Myklebust, Sævik	6094 Leinøy
Herøy kommune	Postboks 274	6099 Fosnavåg
Hustadvika Fiskarlag	v/Stig Jansen	6444 Farstad
Industri Energi	Kongsgt 52	4005 Stavanger
Kristiansund Fiskarlag	v/John Ole Hansen, Skanseveien 12 B	6507 Kristiansund
Kristiansund kommune	Langveien 19, Postboks 178	6501 Kristiansund
Kystverket	Postboks 1502	6025 Ålesund
Midsund kommune		6475 Midsund
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413 Molde
Møre og Romsdal Fiskarlag	Postboks 936 Sentrum	6001 Ålesund
Naturvernforbundet	Mariboegs gate 8	0183 Oslo
Nesset kommune		6460 Eidsvåg
NINA	Postboks 5685 Sluppen	7485 Trondheim
NIVA	Gaustadalléen 21	0349 Oslo
NJFF- Møre og Romsdal	Årøseterveien 35	6422 Molde

NAVN	ADRESSE	POSTSTED
Norddal kommune	Postboks 144	6211 Valldal
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380 Ramberg
Norges Miljøvernforbund	Postboks 593	5803 Bergen
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30B	7012 Trondheim
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639, Sentrum	7406 Trondheim
Rauma kommune	Vollan 8A	6300 Åndalsnes
Sande kommune	Sande	6084 Larsnes
Sandsøy Fiskarlag	v/Bjørn Voksø	6089 Sandshamn
Sandøy kommune		6487 Harøy
Skodje kommune	Rådhuset	6260 Skodje
Smøla Fiskarlag	v/Lars Erik Hopmark	6570 Smøla
Smøla kommune	Hopen, Postboks 34	6571 Smøla
Stordal kommune	Kommunehuset	6250 Stordal
Stranda kommune	Øyna 13	6200 Stranda
Sula kommune	Sloghaugvegen 13, postboks 280	6039 Langevåg
Sunndal kommune	Romsdalsvegen 2, Postboks 94	6601 Sunndalsøra
Sunnmøre Kystfiskarlag	v/Geir Smenes	6240 Ørskog
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650 Surnadal
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230 Sykkylven
Sør Smøla Fiskarlag	v/Arnstein Næss, Gjelberge	6570 Smøla
Taretrålfiskernes Forening	v/Ketil Øyen, Vadsøysund	7284 Mausund
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630 Tingvoll
Ulstein Fiskarlag	v/Leif Midtflø, Flø	6065 Ulsteinvik
Ulstein kommune	Postmottak, postboks 143	6067 Ulsteinvik
Vanylven Fiskarlag	v/Atle Brudevik	6143 Fiskåbygd
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 Fiskå
Vestnes kommune	Rådhuset	6390 Vestnes
Vestnes og Rauma Fiskarlag	v/Svein Ove Blø	6393 Tomrefjord
Volda kommune	Stormyra 2	6100 Volda
Ørskog kommune	Rådhuset	6240 Ørskog
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153 Ørsta
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025 Ålesund
Ålesund og Suløy Fiskarlag	v/Terje Blomvik, Rørstadhg. 22	6035 Fiskarstrand



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre landbrukskontor

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ANNLOB	Arkivsaknr:	2013/1326
		Arkiv:	3/8

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
121/13	Maritim og teknisk komite	26.11.2013

SØKNAD FRÅ MARCUS OG KATRINE G. JOHANNESSEN OM KONSESJON FOR OVERTAKING AV FAST EIGEDOM - GNR 3 BNR 8 OG 34

Tilråding frå rådmannen:

Med heimel i LOV 2003-11-28 nr 98: Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) gir Maritim og teknisk komite konsesjon til Marcus Johannessen og Katrine Gabrielsen Johannessen med sikte på erverv av gnr 3 bnr 8 og 34.

Vilkår for konsesjon:

Eigedomen vert nytta som heilårsbustad ved at Marcus Johannessen og Katrine Gabrielsen Johannessen sjølv må busette seg på eigedomen innan eit år etter ervervet og vere busett der i 5 år.

Særutskrift:

Marcus og Katrine G. Johannessen, Koparstadvegen 88, 6098 Nerlandsøya

Perry Kopperstad, Brosmevegen 6, 4086 Hundvåg

Mariann Ferstad, Nettetvegen 315a, 7670 Inderøy

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Dragsund, 6080 Gurskøy

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Gardskart for gnr 3 bnr 8
- 2 Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Marcus Johannesen
- 3 Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Katrine G. Johannesen

Søknad om konsesjon frå Marcus Johannesen datert 21.10.2013

Søknad om konsesjon frå Katrine Gabrielsen Johannesen datert 21.10.2013

Gardskart for 3/8 og 3/34

Saksopplysningar:

Marcus Johannesen og Katrin Gabrielsen Johannesen har søkt om konsesjon for overtaking av gnr 3 bnr 8 og 34 tilhøyrande Perry Kopperstad og Mariann Ferstad. Føremålet i konsesjonslova er å regulere og kontrollere omsetnaden av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet.

Det skal gjerast ei konkret og individuell vurdering for å gje konsesjon. Ein skal vurdere søkjaren og kva føremål han har med overtakinga i tråd med føremålet i konsesjonslova. Ein generell regel er at det skal gis konsesjon med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

For eigedom med mindre enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord, men med totalareal på meir enn 100 dekar kan det stillast vilkår om buplikt. Buplikta vil vere personleg og gjelde for 5 år. Søkjar må busette seg på eigedomen innan eit år. Vilkåret om buplikt må vere grunngjeve med omsynet til busetting og ein heilskapleg ressursforvaltning.

